

# Høyringsvar Regional planstrategi 2016-2020

## Innhald

Fylkesmannen i Møre og Romsdal .....	2
Fiskeridirektoratet .....	9
Statens vegvesen .....	15
NVE .....	15
Ungdommens fylkesting .....	15
Eldrerådet .....	17
Nord-Trøndelag fylkeskommune .....	18
Sør-Trøndelag fylkeskommune .....	18
Sandøy kommune .....	19
Vanylven kommune .....	21
Herøy kommune .....	21
Hareid kommune .....	23
Rauma kommune .....	25
Tingvoll kommune .....	26
Stranda kommune .....	28
Skodje kommune .....	28
Molde kommune .....	29
Nesset kommune .....	31
Ålesund kommune .....	32
Kristiansund kommune .....	33
Giske kommune .....	34
Ulstein kommune .....	34
Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal .....	35
Norges musikkorps forbund, Nordvest .....	35
Eierutvalget i Tine Midt .....	35

## Fylkesmannen i Møre og Romsdal

### Generelt:

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal har med heimel i plan- og bygningslova sin § 7-2 lagt framlegg til Regional planstrategí 2016 — 2020 for Møre og Romsdal ut til høyring. Planstrategien skal gjere greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar, vurdere langsiktige utviklingstrekk og ta stilling til kva spørsmål som skal takast opp gjennom vidare regional planlegging. Dokumentet skal vidare innehalde ei oversikt over korleis dei prioriterte planoppgåvene skal følgjast opp og korleis medverknad skal sikrast i planarbeidet.

Som del av arbeidet med regional planstrategí har fylkeskommunen utarbeidd eit eige grunnlagsnotat Utviklingstrekk i Møre og Romsdal. Dette saman med Fylkesstatistikk 2015 og fylkeskommunen sine dokument Temp, Ríss og Oversikt over folkehelsa, gir eit godt og viktig kunnskapsgrunnlag for planstrategiarbeidet, men også for vidare planarbeid både på regionalt og kommunalt nivå.

Fylkesmannen er saman med berørte kommunar, regionale statsetatar, organisasjonar og institusjonar formell høyringspart. Høyringspartane kan uttale seg om alle elementa i utkast til planstrategi. Dette omfattar også merknader som kan knytast til prioriteringar og innhald i Vidare regionalt planarbeid. Fylkesmannen vil også i si tilbakemelding vurdere og kommentere i kva grad utkastet til regional planstrategí ivaretar mål og omsyn som er gitt i nasjonale retningslinjer og nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging innanfor Fylkesmannen sine fag- og sektorområde.

Fylkeskommunen har i sitt oversendingsbrev av 28.10.2015 peika på at høyringspartane i sine uttalar m.a. tar stilling til følgjande spørsmål:

- Fangar forslaget opp dei viktigaste utfordringane og moglegheitene for Møre og Romsdal framover?
- Er de einige i dei vurderingane og tilrådingane som er gjort på den enkelte plan?
- Støttar de forslaga til nye planoppgåver? (inkludert dei som fylkesutvalet foreslår í sitt vedtak)

### Struktur og innhald

Utkast til Regional planstrategí 2016 - 2020 for Møre og Romsdal gjer greie for viktige utviklingstrekk og hovudutfordringar i fylket, og inneheld dessutan eit oversyn over korleis dei prioriterte planoppgåvene skal følgjast opp gjennom revidering av eksisterande planar og gjennom igangsetting og vidareføring av nye planar. Dokumentet har ein ryddig og oversiktleg struktur, inndelt i 4 hovudkapittel.

Kap. 1 gjer kort greie for viktige rammer, formål og prioriteringar knytt til arbeidet med regional planstrategi, og med klar referanse til rammer og føringar i plan- og bygningslova. Søkelyset er retta mot regional planstrategi som verktøy for regional utvikling.

Kap. 2 gjer nærare greie for nasjonale og regionale rammer og føringar knytt til regional planlegging. Viktige føringar for arbeidet med regional planstrategi er elles forankra i Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, vedtatt av regjeringa 12.06.2015. Forventningsdokumentet omfattar tre hovudkapittel: Gode og effektive planprosessar, Berekraftig areal- og samfunnsplanlegging og Attraktive og klimavennlege by- og tettstodområde.

Dei nasjonale forventningane legg klare føringar på planstrategiarbeidet og på vidare oppfølging gjennom prioriterte område for regional planlegging. Forventningsdokumentet peikar på oppgåver og interesser som regjeringa meiner det er viktig at fylkeskommunane og kommunane fokuserer på i den komande fireårs-perioden for å medverke til gjennomføringa av nasjonal politikk. Utkastet til regional planstrategi inneheld klare referansar til det nasjonale forventningsdokumentet. Dette blir vidare meir konkret følgd opp gjennom ei opplisting av aktuelle regionale prioriteringar og tiltak avslutningsvis i planstrategien (sjå kap. 4) Kapitlet inneheld også ein kort gjennomgang av andre statlege/nasjonale retningslinjer, strategiar og føringar. Det er også knytt vurderingar til det pågåande arbeidet med region- og kommunereform.

Kap. 3 utgjer hovuddelen i dokumentet. Søkelyset er her retta mot utfordringar og moglegheiter knytt opp mot eksisterande planar, pågåande planarbeid, eller vidare tilråding knytt til framtidig planarbeid. Dette omfattar nærare gjennomgang, vurdering og tilråding med referanse til sju prioriterte plantema/-område:

- Bulyst, inkludering og sentrumsutvikling
- Kultur- og fritidstilbod
- Kompetansebehov
- Verdiskaping
- Samferdsel
- Oppvekstvilkår , folkehelse og tannhelse
- Berekraftig bruk av areal- og naturressursar

Kap. 4 omfattar ei kortfatta oversikt i tabellform over prioriterte område for regional planlegging. Dette omfattar:

- Prioriterte nye planoppgåver
- Planar som er starta opp og skal fullførtast
- Gjeldande planar som skal vidareførast uendra

Avslutningsvis er det gjort nærare greie for korleis nasjonale forventningar til fylkeskommunen blir følgd opp gjennom ulike typar regionale prioriteringar og tiltak.

#### Merknader knytt til aktuelle tema og innsatsområde

I forhold til arbeidet med regional planstrategi har Fylkesmannen ei viktig rolle både som sektorpolitisk organ for å ivareta den enkelte fagsektor sine interesser i planarbeidet, og som samordningsinstans for samordning av statens interesser for å ivareta heilskaplege vurderingar på tvers av sektorar.

Ei viktig oppgåve for Fylkesmannen er å sjå til at nasjonale forventningar blir ivaretatt i prioritering av tema. Det kan også vere aktuelt for Fylkesmannen å delta i fylkeskommunen sitt arbeid med etablering av arenaer for vidare oppfølging av planstrategiarbeidet. For at regional planstrategi skal oppfylle si rolle vil det elles vere viktig å sikre brei deltaking frå regionale statsetatar både i utarbeiding og vidare oppfølging av planstrategiarbeidet. Dette vil m.a. kunne omfatte arbeidet med revisjon av fylkesplanen, regionale delplanar og andre planrelaterte oppgåver. Fylkesmanen vil her gjennom si samordnarrolle også kunne medverke til at statlege etatar følgjer opp sitt gjennomføringsansvar i forhold til regionale og kommunale planar med tilhøyrande handlingsprogram. Vi viser her m.a. til forsøksordninga med statleg samordning av motsegn knytt til kommunale planar.

Med referanse til kapittelinnendinga i planstrategidokumentet har Fylkesmannen følgjande merknader knytt til våre ansvarsområde:

## Kap 2. Rammer for den regionale planlegginga

### *Folkehelselova*

I kap. 2 (side 7) blir det referert til Folkehelselova (2011). Her bør også fylkeskommunenes ansvar etter folkehelselova § 20 understrekast: «Fylkeskommunen skal fremmefolkehelse innen de oppgaver og med de virkemidler som jfi/lkeskommunen er tillagt».

Arbeid for folkehelsa skal også ivaretakast i styring og drift og planlegging av eiga verksemd som til dømes vidaregåande opplæring.

## Kap. 3 Utfordringar, moglegheiter og planar

Kapitlet gir ei nærare oppsummering og vurdering av planbehovet knytt til prioriterte tema/fagområde presentert gjennom eigne delkapittel. I tillegg til våre merknader knytt til dei ulike delkapitla understrekar vi her behovet for å sjå dei ulike oppgåvene og tiltaka på tvers av ulike samfunnssektorar.

### Kap. 3.1 Bulyst, inkludering og sentrumsutvikling

#### *Bustadsosialt arbeid*

I samband med spørsmål om bustad må søkelyset rettast mot: Bolig for velferd, Nasjonal strategi for boligsosialt arbeid (2014-2020). Eit viktig overordna mål er at alle skal bu godt og trygt. Dette er viktig for at vi skal kunne ta utdanning, danne familie, vere i arbeid og ta vare på helsa vår. Bustaden er også ei ramme for sosialt liv og gir tilhøyring til nærmiljø og lokalsamfunn. Sjølv om dei fleste bur godt i Norge i dag, gjeld ikkje dette alle. Rundt 150 000 personar blir rekna som vanskeligstilte på bustadmarknaden. Av desse manglar rundt 6200 ein fast stad å bu. Dei som ikkje sjølv er i stand til å skaffe seg ein bustad og bli buande, skal få den hjelpa dei treng.

Bustaden og nærområdet har stor betydning for oppveksten til barn og unge. Det er viktig å forsterke innsatsen overfor bamefamiliar og unge som ikkje bur bra. Dette er viktig for barna her og nå, og for å forhindre at dårlige levekår går i arv.

Vanskeligstilte på bustadmarknaden er personar og familiar som ikkje har mulighet til å skaffe seg og/eller oppretthalde eit tilfredsstillande buforhold på eigen hand. Desse vil vere i ein eller fleire av følgjande situasjonar:

- er utan eigen bustad
- står i fare for å misse bustaden sin
- bur i ueigna bustad eller bumiljø

Et godt bustadsosialt arbeid får positive konsekvensar for måloppnåing innan arbeid, helse, utdanning og integrering. Vidare er for eksempel hjelp til inntekt gjennom arbeid eller utdanning ofte avgjerande for å lykkast med bustadsosialt arbeid.

Strategien er langsiktig og skal gjelde frå 2014 til 2020.

Bulyst er også avhengig av eit godt fysisk bumiljø. Stadig fleire vil bu i byar og tettstader, og fortetting gir mellom anna utfordringar i høve støy hovudsakleg frå trafikk, men også frå hamner og næringsareal som ligg nært buområde. Støy er eit miljøproblem som rammar svært mange menneske i dag. Støy medverkar til redusert velvære og mistrivsel, og påverkar derfor folk sin helsetilstand.

Fylkesmannen er gitt eit ansvar i sitt planarbeid for å følgje opp nasjonale mål gitt i Handlingsplan mot støy 2007.1 1, oppdatert ut 2015.

### Kap. 3.3 Kompetanse og kap. 3.4 Verdiskaping

Nye utfordringar stiller krav om endring og omstilling. Ein god og allsidig arbeidsmarknad er grunnlaget for heile befolkninga i fylket. Fylkeskommunen påpeikar dette både i kap. 3.3 og 3.4. Vi ser at dette varierer og at vi no går inn i vanskelegare tider også her i Møre og Romsdal. Samtidig kjem det stadig ny arbeidskraft frå andre land, både som arbeidsinnvandrarakar og som asylsøkjarakar. Fylkesmannen vil poengtere at det er viktig at næringslivet spelar på lag med dei offentlege aktørane, NAV og kommunane, som arbeider for å få så mange som mogleg i arbeid og aktivitet. Mange slit med kome i gang med arbeid, og både offentlege og private verksemdar må stå saman om å hjelpe både nye landsmenn og dei som ufrivillig må utpå arbeidsmarknaden. Å vere i arbeid og aktivitet i ein meiningsfylt kvardag heng og nøye saman med folkehelsestilstanden og er med på å bremse negativ utvikling av sosiale skilnader.

#### *Helse- og sosialfag - kunnskap og kompetansebehov*

Ei utfordring i Møre og Romsdal er mangel på godkjente fagskular innan helse- og omsorgstenesta. Hausten 2009 vart det første fagskuletilbod i helse- og sosialfag i fylket godkjend av NOKUT. Fagskule og fagskuleutdanning kan berre nyttast av dei som har NOKUT-godkjente utdanningstilbod. Kristiansund vidaregåande skule fekk godkjenning innan psykisk helsearbeid. Tilbodet kom i gang hausten 2010. Tidlegare har temaet vore teke inn som eit mål under kompetansedelen av Fylkesplanen: «Det skal opprettast minst to godkjende fagskuletilbod i helse- og sosialfag.»

Med dagens og morgondagens utfordringar i helse- og omsorgstenesta er det behov for vidareutdanning for helsepersonell med vidaregåande skule, med tanke på utfordringar mellom anna i demensomsorga, geriatri, rehabilitering og habilitering.

Når det gjeld kompetanse ser vi at det er behov for å auke kunnskapen rundt vilkåra for at tvang kan utøvast, dette for så vidt også innanfor alle fagområde vi forvaltar (somatisk-, funksjonshemma- og psykisk helsehjelp). Menneskerettane gjeld alle og ingen skal utsettast for tvang utan at reglane som beskyttar enkeltindividet blir følgde.

#### *Landbruk - status og utviklingstrekk*

Fylkesmannen vil vise til at Møre og Romsdal er eit betydeleg landbruksfylke og at næringa står sterkt i mange bygder. Fylket har om lag ti prosent av den grovfôrbaserte produksjonen i landet og pr 1. august 2015 var det registrert 2650 føretak. Ei undersøking utført i 2012 viser at primærproduksjonen i jordbruket (tradisjonelt jordbruk og frukt/bær/grønt) utgjør ei omsetning på 2,1 milliardar kroner.

Førstehandsverdien i skogbruket er stipulert til 85 millionar kroner i 2015, men ressursgrunnlaget og tilvekst peikar mot langt større uttak i åra som kjem. I tillegg har landbruket store ringverknader i form av for eksempel foredlingsindustri, leverandørar av varer og tenesteproduksjon. Ein analyse utført i 2013 av NILF (Norsk Institutt for landbruksøkonomisk forskning - no ein del av Nibio) viser at landbruket gir ein «ringverknadsfaktor» på 2,8. Brukar ein dette talet for Møre og Romsdal vil dette utgjere 7420 tilsette. I melding om Kystskogbruket for 2015 er det rekna ut at 1 130 personar er sysselsette innan skognæringa, inklusive ringverknader.

#### *Landbruk – utfordringar, omstilling og tiltak*

I Utviklingstrekk for Møre og Romsdal er det peika på landbruksnæringa sine utfordringar, med blant anna nedgang i gardsbruk, auka leigejordsandel og manglande rekruttering. Fylkesmannen vil også vise til dei moglegheitene som næringa har:

- Ei relativt stabil næring med stabil produksjon, sjølv om talet på yrkesutøvarar går ned.
- Landbruket vil spele ei sentral rolle i det «grøne skiftet» - der bioøkonomien meir og meir vil vere eit berande element for den totale økonomien. Bioøkonomien er omdanning av biomasse til energi, mat og helse-, fiber- og industriprodukt. Fylket er rikt på fornybare ressursar både frå jord og hav og verdiskapinga vil måtte basere seg meir og meir på desse ressursane. Samspel mellom grøn og blå sektor vil særleg vere interessant i Møre og Romsdal. Det aktive landbruket er ein absolutt føresetnad for det grønne skiftet.
- Det vert vist til at Møre og Romsdal har som ambisjon om å bli aktivitets- og opplevingsfylke nummer ein. Landbruket er og vil vere viktig del av opplevingsturismen, både når det gjeld natur- og kulturopplevingar og lokal mat. Særleg synest potensialet vere stort når det gjeld lokal mat. Styresmaktene har sett eit omsetningsmål på ti milliardar kroner i 2025 - mot vel fire milliardar i dag.
- Landbruket er eigar og forvaltar av kulturlandskapet, og er viktig bidragsytar til god trivsel og godt bumiljø.

#### *Landbruksretta forskning og utvikling*

Fylkesmannen vil vise til det solide forskingsmiljøet innanfor landbruk som er etablert på Tingvoll. Delar av dette miljøet er frå 1.01.2016 etablert som Norsøk - ei privat, sjølvstendig stifting og eit nasjonalt senter for tverrfagleg forskning og kunnskapsformidling for å utvikle økologisk landbruk. Institusjonen har spisskompetanse på landbruk og Grøn økonomi, klima og landbruk, og bruk av gjødsel til energiproduksjon. Norsøk er godkjend som forskingsinstitusjon, og vil bli eit godt synleg tillegg til FoU-miljøet her i fylket. Norsk Institutt for bioøkonomi (tidlegare Bioforsk) har også ein stasjon på Tingvoll.

#### Kap. 3.6 Oppvekstvilkår, folkehelse og tannhelse

##### *Oppvekstvilkår*

Både fylkeskommunen og Fylkesmannen har eit felles ansvar for å medverke til gode oppvekstvilkår for alle barn og unge. Fylkeskommunen har definert barn og unge som eit gjennomgåande perspektiv i den regionale planlegginga. I utkastet til regional planstrategi er dette perspektivet på barn og unge tatt med og blir vidareført, men med nokre endringar. Det er poengtert at ei slik tenking skal sikre at barn og unge skal få delta i og påverke sitt eige oppvekstmiljø. Fylkesmannen vil påpeike at like viktig som medverknad, er at beslutningstakarar tar omsyn til barn og unge sine interesser i samfunnsplanlegginga. Vi meiner det må kome tydeleg fram i alle delplanar som skal utviklast og endrast, at barnets beste er vurdert jf. FNs barnekonvensjon art 3. Fylkesmannen har eit særskilt ansvar for å implementere Barnekonvensjonen i arbeidet i kommunane. Vi vil oppmode også fylkeskommunen å nytte barnekonvensjonen som grunnlag for å sjå til at barns beste alltid blir tatt omsyn til i planlegginga og i alle avgjerder, og at dette kjem tydeleg fram i saksdokumenta.

##### *Folkehelse*

I Regional delplan for folkehelse 2014-2017 er eit av resultatmåla at talet på elevar og lærlingar som fullfører og består vidaregåande opplæring skal aukast. I utkastet til ny regional planstrategi er

tilrådinga at regional delplan for folkehelse blir vidareført. For å nå måla er det behov for systematisk folkehelsearbeid i vidaregåande skular.

Fylkeskommunen kan som eigar av dei vidaregåande skulane forankre helsefremmande arbeid i skolane for å styrke elevane si læring. Nokre fylkeskommunar har systemisert folkehelsearbeidet i vidaregåande skolar gjennom aktive prosessar og har som mål å vere «helsefremmande vidaregåande skole». Det er gjennom tiltak for å styrke elevane og personalet sin fysiske og psykiske helse, gjennom å rette søkelyset mot skulemiljø, undervisningstilbod og undervisningssituasjon.

Vidaregåande opplæring er ein sentral arena i folkehelsearbeidet. Utdanning er i seg sjølv ein påverknadsfaktor for helse. Tiltak for å forhindre fråfall i vidaregåande opplæring er såleis viktig for utjamning av sosiale skilnader.

Folkehelseprofilane (2015) for kommunane viser blant anna at fråfall i vidaregåande skule i fylkesgjennomsnitt er 21 %. (Omfattar dei som ikkje har bestått eit/fleire fag og derfor ikkje har nådd studie- eller yrkeskompetanse etter 5 år, og elevar som sluttar underveis, i prosent av dei som starta på grunnkurs i VGS) Statistikken viser store forskjellar mellom kommunane, halvparten av kommunane har 21% fråfall eller lågare, og halvparten av kommunane har 22% eller høgare.

Det er elles viktig at dei fylkeskommunale planane har med perspektivet for utjamning av sosiale forskjellar generelt. Dette har stor betydning for fråfall i skulen og folkehelse generelt.

### Kap. 3.7 Areal og naturressursar

#### *Samordna bustad, areal og transportplanlegging*

Regjeringa vedtok i 2014 nye statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Desse skal leggest til grunn både ved statleg, regional og kommunal planlegging. Ei viktig oppgåve for den regionale planlegginga vil her m.a. vere å trekke langsiktige grenser mellom by- og tettstodområde og store samanhengande landbruks-, natur- og friområde. Utbyggingsmønster og transportsystem må samordnast på tvers av kommunegrensene i samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen og staten.

Fylkesmannen understrekar behovet for å sjå klimatiltak på tvers av ulike samfunnssektorar. Dette omfattar både tiltak for å redusere klimagassutslepp så vel som tiltak for klimatilpassing. Vi ser det som positivt at miljø og klima framleis skal vere med som eit gjennomgåande perspektiv i fylkesplanen, samstundes som viktige klimautfordringar blir nærare utdjupa gjennom regional delplan for klima og energi som skal vidareførast.

Fylkesmannen deltar i gruppa som utarbeider forslag til handlingsdel for delplanen. Som regionale aktørar har fylkeskommunen og Fylkesmannen ulike roller i klimaarbeidet, men dette opnar likevel for tett samarbeid på fleire område. Spørsmål om klimatilpassing vil m.a. kunne utdjupast og følgjast vidare opp gjennom fylkeskommunen og Fylkesmannen sitt arbeid med Fylkes-ROS.

### Kap. 4 Prioriterte område for regional planlegging

#### *Ny landbruksmelding*

Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal vart vedtatt i fylkestinget i desember 2012, og bør reviderast ved utgangen av fireårsperioden. Meldinga vart utarbeidd av eit partnerskap mellom næringa, Innovasjon Norge, fylkeskommunen og Fylkesmannen, der Fylkesmannen var koordinator og stod for sekretariatet.

Utviklinga gjennom dei fire åra frå 2012 har gjort det enda viktigare å få på plass eit oppdatert og utvida rammeverk for samarbeid og utvikling på landbruksområdet. Landbruksmeldinga frå 2012 var i all hovudsak ei jordbruksmelding - «Strategiplan for skogbruket» var lagt fram parallelt med landbruksmeldinga. Den nye landbruksmeldinga bør femne om skogbruket, og også legge meir vekt på ressursforvaltning og landbruket sin plass i bioøkonomien.

#### *Regional delplan for inngrepsfrie naturområde*

Fylkesmannen er positiv til at denne planen (frå 2000) skal vidareførast. Presset på inngrepsfri natur er framleis stort. Berre i perioden 2008 til 2012 gikk nærare 900 kvadratkilometer inngrepsfri natur tapt på landsbasis. Når planen no skal vidareførast bør kart og statistikk bli oppdatert. Opplysningar om dette finn ein på Miljødirektoratets heimesider.

#### *Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging*

Under prioriterte område for regional planlegging står det at det skal utarbeidast regionale delplanar for samordna areal- og transportplanlegging i mindre område. Fylkesmannen ser dette som eit viktig verktøy for ei tverrsektoriell og heilskapleg regional utvikling.

#### *Fylkes-ROS Møre og Romsdal*

Utarbeiding av FylkesROS Møre og Romsdal, som er eit samarbeid mellom fylkeskommunen og Fylkesmannen, er gitt status som fagmelding av fylkestinget. Denne er framleis under utarbeiding, og er venta ferdig i løpet av første kvartal 2016. Det er viktig at tilrådingane i FylkesROS blir følgd opp i handlingsprogramma til sektorane.

Fylkeskommunen har tidlegare vedtatt Regional delplan for klima og energi, vedtatt av fylkestinget i juni 2015, som rettar søkelyset i hovudsak mot klimagassutslepp. Desse to plandokumenta vil saman gje eit meir komplett og heilskapleg bilde knytt til dei samla klima- og energiutfordringane fylket står overfor.

#### Oppsummering

Utkast til Regional planstrategi 2016-2020 gir ein ryddig og oversiktleg gjennomgang og drøfting av regionale utviklingstrekk og utfordringar. Gjennom dette har Møre og Romsdal fylkeskommune lagt eit godt grunnlag for ein debatt rundt viktige prioriteringar og strategiske vegval. Fylkeskommunen som planstyresmakt og regional utviklingsaktør vil vere ein viktig pådrivar for å utnytte regionale og lokale fortrinn til regional utvikling ut frå overordna og langsiktige vurderingar og prioriteringar.

Fylkesmannen konkluderer med at:

- Planforslaget omfattar ein grundig og systematisk gjennomgang av status og utviklingstrekk knytt til regional planlegging og utvikling, og der regionale mål og tiltak på ulike samfunnsområde blir vurdert og nærare presentert på bakgrunn av eit omfattande data- og kunnskapsgrunnlag. Planen og planarbeidet synest også å vere godt forankra og tilpassa nasjonale føringar.
- Det vore lagt opp til ein open planprosess med brei deltaking frå ulike aktørar og interessegrupper. I det vidare arbeidet med fylkesplanen, regionale delplanar og andre planrelaterte oppgåver er det viktig å bygge vidare på dette samarbeidet.
- Eit viktig vilkår for at regional planlegging skal skape initiativ og utvikling vil vere at aktørar som har ansvaret for gjennomføringa, deltek i utviklinga av og har eigarskap til strategiane og handlingsplanane. Tett samarbeid og samhandling med kommunar, regionale statlege organ, institusjonar og organisasjonar vil her vere ein viktig føresetnad for å sjå utviklingstrekk og



utfordringer i fylket på tvers av kommunegrenser, forvaltningsnivå og sektorar. Arbeidet med det pågåande region- og kommunereformarbeidet står her sentralt.

Fylkesmannen vil spele ei viktig rolle i arbeidet med regional planstrategi og regional planlegging, både som sektormyndigheit og som samordnar. På fleire av dei prioriterte innsatsområda som er omtalt i utkastet til regional planstrategi 2016-2020 for Møre og Romsdal vil Fylkesmannen ha eit viktig sektoransvar. Natur, miljøvern, friluftsliv, folkehelse, oppvekst og utdanning, landbruk og jordvern, er eksempel på temaområde som med utgangspunkt i høyringsdokumentet blir nærare kommentert. Vi viser til våre merknader i det føregåande, og ser fram til vidare samarbeid rundt dette.

## Fiskeridirektoratet

### MØRE OG ROMSDAL FYLKE - HØRING AV FORSLAG TIL REGIONAL PLANSTRATEGI FOR MØRE OG ROMSDAL 2016-2020 - UTTALELSE

Fiskeridirektoratet region Midt viser til e-post med oversendelsesbrev datert 28.10.2015 angående høring av Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2016-2020. Fylkeskommunen ønsker også at høringsspartene i sin uttalelse tar stilling til tre konkrete spørsmål særlig nevnt i omtalte brev.

#### Statlig sektormyndighet

Fiskeridirektoratet region Midt er statlig sektormyndighet for forvaltningen av akvakultur i medhold av lov av 17. juni 2005 nr. 79: Lov om akvakultur, og den marine ressursforvaltningen hjemlet i lov av 6. juni 2008 nr. 37: Lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova).

Fiskeridirektoratet skal ivareta nasjonale interesser og føringer med bakgrunn i bl.a.:

- St. meld. Nr. 48 (1994-1995), Havbruk - en drivkraft i norsk kystnæring
- St. meld. Nr. 43 (1998-1999), Vern og bruk av kystsona
- St. meld. Nr. 12 (2001-2002), Rent og rikt hav
- St. meld. Nr. 42 (2000-2001), Biologisk mangfold, Sektoransvar og samordning
- St. meld. Nr. 19 (2004-2005), Marin næringsutvikling, Den blå åker
- St. meld. Nr. 26 (2006-2007), Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand
- Meld. St. 22 (2012-2013), Verdens fremste sjømatnasjon (Sjømatmeldingen)
- Meld. St. 16 (2014-2015), Forutsigbar og miljømessig bærekraftig vekst i norsk lakse- og ørretoppdrett

I tillegg kommer føringer gitt hvert år i statsbudsjettet og i tildelingsbrevet til Fiskeridirektoratet. I Prop. 1 S (2015-2016) for Nærings- og Fiskeridepartementet er følgende delmål for Fiskeridirektoratet innenfor marin arealforvaltning nevnt:

*”En balansert og bærekraftig utnyttelse av kystsonen, med utviklingsmuligheter for marine næringer”.*

Videre heter det blant annet at:

*”Fiskeridirektoratet skal bidra til at havbruksnæringen kan utnytte kystens produksjonspotensial på en langsiktig, god og bærekraftig måte, og at konflikter med annen viktig utnyttelse av kystområder blir minst mulig”.*

Regjeringens målsetting er en betydelig vekst og videreutvikling av fiskeri- og havbruksnæringen. Fiskeridirektoratet er derfor opptatt av å opprettholde og legge til rette for en god utnyttelse av de marine ressursene langs kysten innenfor bærekraftige rammer. Sjømatnæringen med den tradisjonelle fiskerinæringen og havbruksnæringen er svært viktig for Møre og Romsdal fylke, både lokalt og regionalt.

Fiskeridirektoratet region Midt vurderer det derfor som spesielt viktig at planarbeidet i regionen legger til rette for en lønnsom og bærekraftig utvikling innenfor fiskeri- og havbruksnæringen. Innen marin sektor er det utfordringer som det etter vår oppfatning er viktig at det er fokus på, både i regional og kommunal planlegging. Det er også betydelige muligheter som må vurderes og ivaretas på best mulig måte.

Vi ser derfor positivt på at regional planstrategi rulleres, og vil i den sammenheng komme med innspill til høringsdokumentet og det videre arbeidet med regional planstrategi. Vi vil ta utgangspunkt i nasjonale forventninger, samt utfordringer og muligheter spesielt i forhold til vårt ansvarsområde.

Gjennom nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging peker kommunal- og moderniseringsdepartementet på oppgaver og interesser som regjeringen mener er viktige i regional og kommunal planlegging etter plan- og bygningsloven, for ivaretagelse av nasjonal politikk og nasjonale interesser. I de nasjonale forventningene legges det vekt på at fiskeri- og havbruksnæringen er store eksportnæringer som bidrar til sysselsetting og verdiskaping både nasjonalt og spesielt i mange lokalsamfunn langs kysten. Regjeringen påpeker at den vil legge til rette for en forutsigbar vekst i laks- og ørretoppdrettsnæringen, der miljømessig bærekraft vil være den viktigste forutsetningen for regulering av næringen.

Regjeringen forventer at regional og kommunal arealplanlegging bidrar til å sikre fiskeri- og havbruksnæringens langsiktige arealbehov. Samtidig må bruken av allerede tildelt areal optimaliseres og miljøhensyn vektlegges. Planleggingen må også ivareta andre samfunnsinteresser og hensyn i kystsonen.

#### Utviklingstrekk og utfordringer for Møre og Romsdal

Våre innspill er i hovedsak gitt med bakgrunn i vårt sektoransvar og faglige ståsted, og gjelder spesielt kapittel 3 "Utfordringer, muligheter og planar", 3.3 "Kompetanse", 3.4 "Verdiskaping" og 3.7 "Areal og naturressursar".

Etter vår vurdering gir Fylkesstatistikk 2015 samt Utviklingstrekk i Møre og Romsdal relativt bra informasjon om fiskeri- og havbruksnæringens betydning og bidrag til fylket. Møre og Romsdal er landets desidert største fiskeeksportfylke, og står for nærmere 23 prosent av norsk fiskeeksport til en verdi på over 15 milliarder kroner. Utviklingen har vært svært positiv. Men det er ingen selvfølge at denne positive trenden vil vedvare, selv om det er et stort potensial for videre utvikling og vekst.

For å synliggjøre hvor fylkets største fortrinn, muligheter og utfordringer ligger, kan med fordel mer konkrete verdi- og bidragsskapende informasjon for marin næring synliggjøres og omtales i kunnskapsgrunnlaget. For eksempel på en slik måte som det er gjort for maritim næring og reiselivsnæringen i «Utviklingstrekk i Møre og Romsdal».

Fylket har solide og komplette verdikjeder innen både fiskeri- og havbruksnæringen. Dette har bare forsterket seg ytterligere siden vår forrige uttalelse til Regional Planstrategi 2012-2016 datert 13.12.2011, og vår beskrivelse av omfanget av næringene der. Vår vurdering er at generelle

grunnlagsdata for fiskeri- og havbruksnæringen er relativt godt beskrevet, og omtalt av oss i forrige uttalelse.

Imidlertid viser ulike analyser av ringvirkningene fra fiskeri- og havbruksnæringen at hvert årsverk herfra i tillegg skaper rundt 0,8 - 1 årsverk i andre næringer. Vi vil derfor denne gang også rette litt spesiell fokus på leverandørindustrien til sjømatnæringen, og nevne noen av de største arbeidsgiverne innen sine områder. Dette for å bidra til å vise hvor differensiert og mangfoldig næringene er, og at det er forholdsvis god spredning av aktører over hele fylket.

Utenom den direkte sysselsettingen og verdiskapningen i fiskeri- og havbruksnæringen, kan kunnskapsgrunnlaget til Regional planstrategi, "Utviklingstrekk i Møre og Romsdal" og Fylkesstatistikken med fordel ha omtale og beskrivelse av verdi og omfanget av avledet virksomhet fra sjømatnæringen. Leverandørindustrien til sjømatnæringen er vesentlig, og har sammen med næringen stor betydning for bosetting og sysselsetting i Møre og Romsdal.

Fylket har store leverandører til fiskeflåten innen verft og båtbyggeri (f.eks. Larsnes Mek. Verksted AS i Sande, Vegsund Slip AS i Ålesund og Jemar Norpower AS i Kristiansund), motorer, gear og fremdriftsanlegg (f.eks. Nogva Motorfabrikk AS i Haram), drivstoff, maritim elektronikk, agn, design, skipsmeglere, redskapsleverandører (f.eks. Mørenot AS i Haram og Ålesund og Selstad AS i Ålesund) og ombordproduksjon og deksutstyr (f.eks. OptimarStette AS i Giske og Marel Norge AS i Averøy). Mørenotgruppen er Norges desidert største leverandør av fiskeredskaper, og OptimarStette AS er ledende leverandør av fabrikkløsninger og håndteringsutstyr.

Leverandørindustrien til havbruksnæringen er også omfattende og variert. Alt fra utstyr og tjenester i forbindelse med levering av settefisk- og matfiskanlegg, og det utstyret som trengs her. For eksempel pumper, kar (f.eks. Brimer AS i Sande) og rør til produksjon av yngel og settefisk (f.eks. AquaGen AS i Tingvoll), samt resirkuleringsanlegg, vaksiner, alarmer og fórautomater. Videre merdanlegg, fórflåter og fóringanlegg (f.eks. Betten Maskinstasjon AS i Halså og Storvik Aqua AS i Sunndal), flytebrygger, strømsettere og bobleutstyr (f.eks. Cflow Fish Handling AS i Sula), fiskepumper, telling og sortering (f.eks. Bjørddal Industrier AS i Ørsta), data og produksjonsstyring, fortøyningsutstyr, nøter (f.eks. Mørenot AS i Haram og Ålesund og Selstad AS i Ålesund), presenninger (f.eks. Plany AS i Sande) og ulike typer arbeidsbåter (f.eks. Promek AS på Smøla og Vaagland Båtbyggeri AS i Halså), kraner og nothåndteringsutstyr til matfiskanleggene. I tillegg kommer rognleverandører, fórpoduserer (f.eks. Skretting AS på Averøy og EWOS AS i Halså), brønnbåtrederi (f.eks. Sølvtrans Rederi AS i Ålesund og Rostein AS i Herøy), veterinærtjenester, dykkertjenester (f.eks. Abyss Aqua AS i Kristiansund), slakteri, foredling og pakking.

Fiskeindustrien har også en betydelig leverandørindustri av varer, utstyr og tjenester i fylket. Bransjen er mangfoldig med ulike driftsformer og behov. Det er blant annet leverandører innen kraner, vektor og gradere (f.eks. Marel Norge AS i Ålesund og Averøy), kasser og kar, trucker, ferskfiskmottak og pakking (f.eks. OptimarStette i Giske), saltfiskproduksjon, tineanlegg, klippfiskproduksjon, tørketuneller, filetlinjer til produksjon av hvitfisk, pelagisk konsumproduksjon, fiskemat, marin ingrediensindustri og fiskemel- og olje.

I tillegg er det bedrifter som leverer til alle deler av norsk sjømatnæring. I første rekke er dette selskaper som tilbyr transporttjenester (f.eks. Eimskip Norway AS og Thermo-Transit Norge AS i Ålesund), emballasje (f.eks. Brødrene Sunde AS i Ålesund og Vartdal Plastindustri AS i Ørsta), finansiering, forsikring, arbeidstøy (f.eks. Mørenot Fishery AS og Aalesund Oljeklede AS i Haram og Wenaas Workwear AS i Rauma), juridisk bistand og rådgivning (f.eks. Kontali Analyse AS i Kristiansund), kjøle- og fryseutstyr (f.eks. Frionordica AS i Fræna), frysehotell (f.eks. Tyrholm & Farstad AS i Ålesund), samt hjelp til FoU (f.eks. Nofima AS i Surnadal og Møreforskning AS i Ålesund). Disse

selskapene sammen med resten av den regionale leveringsindustrien representerer mange arbeidsplasser. Fiskeri- og havbruksnæringen er avhengig av oppegående og innovative produsenter og leverandører av utstyr og tjenester.

Over lengre tid har norsk sjømatnæring seilt i medvind. Basert på fornybare ressurser, er næringen både variert, lønnsom og internasjonalt konkurransedyktig. Vekstpotensialet er stort, og fra Regjeringen er det i ulike sammenhenger gjentatte ganger uttalt at fisk og sjømat skal sikre den norske velferdsstaten ettersom olje- og gassproduksjonen synker.

Sjømatnæringen i fylket er ledende nasjonalt, og det er fortsatt et betydelig utviklingspotensial. Dette gjelder både for fiskeri- og havbruksnæringen. Med tanke på verdiskaping vil vi spesielt nevne innovasjon, økt bearbeiding og utnyttelse av ressursene, FoU og kompetanseutvikling, økt markedsorientering, gode og effektive transportløsninger og forutsigbare rammevilkår med klare føringer og planer. Utgangspunktet for dette må være god marin arealforvaltning, ressursforvaltning og havbruksforvaltning.

#### De viktigste utfordringene og mulighetene for Møre og Romsdal fremover

I Regional planstrategi kapittel 3 "Utfordringar, moglegheiter og planar", synleggjøres det hvilke områder og temaer som er aktuelle for fylkeskommunen å planlegge for. Vi vurderer det som at det er en forholdsvis god sammenheng mellom valg av områder/tema for den regionale planleggingen i perioden 2016-2020, og de utviklingstrekk og utfordringer fylket står overfor.

Men i en tid med store utfordringer for petroleumsnæringen, og der det letes etter nye ben å stå på etter oljen, er det viktig at fylket satser der det allerede eksisterer viktige fortrinn å bygge videre på. Sjømatnæringen er en slik næring som kan videreutvikles til å inneha en større del av sysselsettingen og verdiskapingen i fylket.

Etter vår vurdering er Møre og Romsdal det viktigste vekstfylket for sjømatnæringen. Sjømateksporten har gjennom lang tid hatt en jevn økning. Fylket har noen av de sterkeste kompetansemiljøene både på markedssiden, i tradisjonell fiskeindustri, på havbrukssiden, på flåtesiden, innen leverandørindustrien og ikke minst innen biomarin industri. Disse kompetansemiljøene må videreutvikles og styrkes.

I planstrategidokumentets kapittel 3.4 "Verdiskaping" omtales utfordringer og muligheter. Dette er etter vår vurdering viktig med tanke på at regional planstrategi blant annet skal bidra til å vurdere og prioritere mellom næringer og områder for videre regional planlegging for å fremme regional utvikling og attraktivitet. Dette bidrar til en forutsigbar utvikling for hvilke regionale utviklingstiltak fylkeskommunen vil støtte.

Ut fra vårt ståsted kunne vurderingene av utfordringer og utviklingsmuligheter for marin næring vært enda klarere og mer konkret, for eksempel med fremtidige satsingsområder og planer (f.eks. områder for FoU, kompetanse, rekruttering til sjømatnæringen, og satsingsområder for industri, flåte og leverandører).

Med bakgrunn i fylkets posisjon innenfor marin næring, samt muligheter og potensialet for utvikling, er vår vurdering at en Marin Strategiplan vil kunne bidra til å opprettholde og videreutvikle den marine næringen, inkludert avledet virksomhet, samt gi positive resultater og synergier. For å opprettholde og/eller bli ledende innen utvalgte områder vil et godt styringsdokument for økt verdiskaping innenfor marin sektor være et viktig bidrag. En slik strategi vil også kunne gi viktige signaler inn mot sentrale myndigheter i forhold til hva som er Møre og Romsdals fortrinn og satsingsområder sammenlignet med andre regioner. Ambisjonen med en slik plan bør være at fylket

fremstår som koordinert og målrettet innen utvikling av marin sektor. Strategiplanen må ligge til grunn for fylkeskommunens prioriteringer, og vil bidra til økt forutsigbarhet. Dette forsterkes ved at en slik plan er på strategisk nivå, at det utarbeides konkrete handlingsplaner innen hver av strategiene i planen der det foreslås tiltak i form av prosjekter, og at tiltakene/prosjektene er konkrete og ansvarlig institusjon er synliggjort.

Et slikt arbeid kan blant annet sees i sammenheng med Sjømatmeldingen fra 2012 og "Strategiplan for Marin Bioprospektering 2010" fra Norges forskningsråd, Innovasjon Norge og SIVA. I sistnevnte uttales det klart at det vil være fokus på tverrfaglighet gjennom å bygge på og videreutvikle sterke nasjonale kompetansemiljøer innen ulike fagfelt og disipliner.

At Møre og Romsdal for eksempel er nasjonalt og globalt ledende på produksjon innen biomarin sektor og Omega-3 oljer, størst i landet på klippfiskproduksjon, havfiskeflåten er nasjonalt ledende og marin ingrediensindustri er i fremste rekke, innehar betydelige utviklingsmuligheter. For å opprettholde og styrke denne posisjonen ytterligere er den regionale innovasjonskraften vesentlig.

Regjeringen har tilrettelagt for næringsutvikling innen marin sektor ved å etablere såkornfond, regionale forskningsfond og venturekapital instrumenter (Investinor AS og Argentum). Fylkeskommunen har en betydelig oppgave med å legge til rette for økt verdiskaping innen marin sektor. Sammen med Regjeringens virkemidler vil en målrettet bruk av fylkeskommunale virkemidler være et viktig bidrag til realisering av økt verdiskaping innen marin sektor i Møre og Romsdal.

I kapittel 3.3 Kompetanse har forslaget etter vår vurdering fanget opp de viktigste utfordringene og mulighetene. Dersom fylket fortsatt ønsker å være det ledende sjømatfylket, må det i økende grad utvikles avanserte produkt og prosesser. Ny kunnskap må kunne anvendes, og det vil derfor trenge mer folk med både spiss- og tverrfaglig formell kompetanse.

Den forskningsbaserte innovasjonen innen næringslivet må økes, og fylkets andel av den totale forskningen i Norge bør også økes. Med bakgrunn i at Møre og Romsdal har en dominerende posisjon innen alle viktige fiskeri, er verdensledende på produksjon innen biomarin sektor og Omega-3 oljer, og har en marin ingrediensindustri og leverandørindustri til fiskeri- og havbruksnæringen som er i fremste rekke, vurderer vi at det er et stort potensial for mer forskning i næringslivet.

Den erfaringsbaserte og formelle kunnskapsstrukturen er godt utbygd. For å tenke nytt og innovativt vil det også være viktig å ta med seg den tause kunnskapen. Dette kan for eksempel gjøres ved i større grad å koble fiskere, fangstfolk, sjøfolk og produksjonsarbeidere tettere på prosjektene og prosessene.

Kapittel 3.7 "Areal og naturressursar" har også fanget opp de viktigste utfordringene og mulighetene for fylket. Som det sies er arealplanlegging det viktigste redskapet vi har for å få til en bærekraftig utvikling. Akvakulturnæringen har et spesielt behov for gode områder som egner seg til en bærekraftig produksjon. Dette krever at sjøområdene blir sett og vurdert i en større sammenheng (ut over kommunegrensene) i et regionalt perspektiv, og at arbeidet blir gjort i interkommunale prosjekt.

Tilgang på gode og tilstrekkelig store områder for havbruksproduksjon er en økende utfordring både nasjonalt og i fylket. Den største utfordringen planmessig er "kampen om" og avsetting av de best egnede områdene for havbruk, og tilstrekkelig areal i sjøområdene. Fylkeskommunens arbeid og bidrag til interkommunal sjøarealplanlegging i Romsdal og på Nordmøre har vært et viktig verktøy i forhold til arealvurdering og tilgang. En regional delplan for sjøområdene på både Nordre Sunnmøre og Søre Sunnmøre bør etter vår vurdering være et prioritert område for regional planlegging.

Vi ser derfor svært positivt på at det tilrådes at sjøarealplanleggingen for kommunene rundt Ålesund vil bli revurdert i forbindelse med revideringen av kommunale planstrategier i 2016, og at fylkeskommunen vil følge dette opp for de resterende kommunene på Sunnmøre.

#### Vurderinger og tilrådninger som blir gjort av den enkelte plan

Generelt og gjennomgående er vi enige i de vurderinger og tilrådninger som er blitt gjort av den enkelte plan.

Tilrådommen om at fylkesplanen bør videreføres, men at tallet på gjennomgående perspektiv bør reduseres og kobles bedre til handlingsprogrammene er viktig.

Likewise tilrådommen om at både verdiskaping og kompetanse fortsatt bør være satsingsområder i fylkesplanen, men at man bør vurdere å se disse i sammenheng. At forsknings- og innovasjonsstrategien blir utarbeidet etter malen for smart spesialisering er vi også enige i.

Etter vårt syn vil det generelt når det gjelder verdiskaping og næringsutvikling fortsatt alltid være behov for en helhetlig og tverrsektoriell samfunnsplanlegging, som inkluderer næringslivet og kommunene. Når det ikke er utarbeidet en regional delplan for sjøområdene, vil arbeidet med å få fortgang i interkommunale planer for Sunnmøre være sentralt. Møre og Romsdal har potensial for større vekst og økt verdiskaping innenfor marin næring. En samordnet regional- og kommunalplanlegging, med felles forståelse og enighet om utfordringer og muligheter, vil være viktig for å sikre positive ringvirkninger. En Marin Strategiplan som tidligere nevnt kan være et godt verktøy i denne forbindelse.

Når det gjelder satsingsområdet kompetanse, er vi fortsatt av den oppfatning at kompetanseutviklingen strategisk sett bør understøtte fylkets næringsmessige satsingsområder, og kunne utnytte lokal særegen kompetanse regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Kompetanse, utdanning og forskning må sees i sammenheng med behov og utviklingstendenser, herunder rekruttering til marin og maritim sektor. Kunnskaper, ferdigheter og holdninger vil være en svært viktig faktor for å ivareta dagens status, sikre en positiv utvikling og for å utnytte de fortrinn vi har til å skape et attraktivt og bærekraftig fylke.

#### Nye planoppgaver

I høringsutkastet til Regional planstrategi kapittel 4 "Prioriterte område for regional planlegging", synliggjøres det hvilke områder og temaer som er aktuelle for fylkeskommunen å planlegge for. I hovedsak kan vi støtte disse forslagene til nye planoppgaver.

Men som vi tidligere i vår uttalelse har kommentert er det viktig, spesielt med tanke på dagens arbeidssituasjon, at det prioriteres og fokuseres ytterligere på fortrinn og muligheter for verdiskaping i Møre og Romsdal fylke. Etter vårt syn vil verdiskaping, kompetanse og næringsutvikling være kjerneelementer i det regionale utviklingsarbeidet, og danne basis for bosetting og levevilkår i attraktive samfunn.

Vi foreslår derfor at det utarbeides en Marin Strategiplan og/eller en regional næringsplan med sterkt fokus på marin- og maritim næring.

#### Oppsummering

Fiskeri- og havbruksnæringen med tilknyttede virksomheter er en av bærebjelkene i Møre og Romsdal fylke. De bør etter vårt syn ha en sentral plass i en fremtidsrettet regional planstrategi.

Hovedutfordringen fremover vil være å opprettholde og videreutvikle Møre og Romsdal som det ledende sjømatfylket i landet. Vi foreslår derfor at det utarbeides en Marin Strategiplan og/eller en regional næringsplan med sterk fokus på marin næring.

Med bakgrunn i de muligheter og vekstpotensiale sjømatnæringen i Møre og Romsdal har, samt de komparative fortrinn fylket besitter, forutsetter vi at Møre og Romsdal fylkeskommune tar initiativ til en strategisk satsing, og bidrar til videre utvikling, positive resultater og synergier.

## Statens vegvesen

Tilbakemelding på høyring av regional planstrategi 2016 - 2020 - Møre og Romsdal

Viser til dykkar brev av 28.10.2016.

Statens vegvesen er av den oppfatning at den regionale planstrategien er representativ for dei oppgåver og omsyn som ligg til vårt fagområde. Vi er spesielt nøgd med kapittel 3.5 og 3.7 som omhandlar samferdsel og areal og naturressursar. Særleg gjeld dette regionale delplanar for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging der fylkeskommunen tar initiativ til et veldig viktig arbeid. Statens vegvesen er allereie involvert via bypakkearbeidet og deltar gjerne i et vidare arbeid.

## NVE

Vi syner til høyring av regional planstrategi for Møre og Romsdal. NVE har ingen innspel/merknad til planstrategien.

## Ungdommens fylkesting

Kva er viktigast for utviklinga i Møre og Romsdal innan det temaet gruppa har fått tildelt? Punkta under kvar overskrift er sett opp i prioritert rekkefølge.

*Inkludering:*

1. politikanane må møte ungdom på eit nøytralt nivå
2. større openheit og respekt i kommunestyret
3. bruke gründercampar som arbeidsmetode
4. delta i debattar, diskusjon og open dialog med politikanane
5. opplysende stands på plassar kor folk oppheld seg.

*Sentrumsutvikling*

1. å få ein møteplass for ungdom under 18 år i sentrum
2. ei aktiv byscene med varierte kulturtilbod
3. ha gode gågater i eit bilfritt sentrum
4. eit moderne handelstilbod med eit internasjonalt preg
5. festivalar rundt om i tettstadane.

*Kultur- og fritidstilbod*

1. eit variert fritidstilbod både i byane og på bygda
2. kulturrabatt for ungdom
3. barnebillett opptil fylte 18 år
4. vidareføre og –utvikle Ungdommens Kulturmonstring (UKM).

### *Kompetanse*

1. få eit breiare tilbod av høgare utdanning innanfor eget fylke
2. ha nok studentbustadar og hyblar
3. ha eit godt helsetilbod i skulen
4. ha ein god rådgivingsteneste
5. tilrettelegging for eit godt sosialt miljø.

### *Verdiskaping*

1. fremme og satse på gründerånda og nyskaping i fylket
2. jobbe for miljøvennlege bedrifter og satse på ny, fornybar teknologi
3. vidareutvikle og styrke den maritime næringa
4. behalde og vidareutvikle landbruket i fylket
5. jobbe for fleire statlege arbeidsplassar.

### *Samferdsel*

1. ferjefri E39
2. satsing på tog mellom dei store byane i fylket
3. forbetre kollektivtilbodet ute i distrikta og i byane
4. utbyggje miljøvennlege transportmiddel

### *Oppvekstvilkår, folkehelse og tannhelse*

1. få eit godt sosialt miljø på alle arenaer
2. velfungerande skuler og barnehagar som tilfredstillar barna sine behov og er der dei bur,
3. eit godt støtteapparat tilgjengeleg for barn og unge
4. gode fritidstilbod
5. eit godt kollektivtilbod som går til dei plassane unge brukar
6. eit godt tannhelsetilbod i nærleiken med prisrabatt for ungdom over 19 år.

### *Berekraftig bruk av areal- og naturressursar*

1. å bevare fiskeriindustrien med gode, forsvarlege rammar
2. auka bruk og fokus på kollektivtransport
3. forsvarlege rammar for planting av ny skog og skogbruk
4. byggje bustadar meir sentralt,
5. industrien nyttar fornybar energi

Kva er viktigast for barn og unge sin trivsel i Møre og Romsdal? Punkt i prioritert rekkjefølgje.

1. Nulltoleranse for mobbing, og eit godt psykososialt miljø på skulen og i lokalmiljøet
2. Eit godt og variert fritidstilbod med møteplassar for unge
3. Velfungerande kollektivtransport
4. Gode skular med god undervisning
5. Moglegheiter for medverknad i egen kvardag og kommune
6. Eit trygt lokalmiljø med gode friområde
7. Eit godt helsetenestetilbod i nærleik av dei unge

Kva skal til for at de vil velje å bu i Møre og Romsdal når de er ferdige med utdanninga deira? Punkt i prioritert rekkjefølgje.

1. Nok og gode arbeidsplassar med sterke fagmiljø
2. Skule- og barnehageplassar



3. Godt bustadstilbod
4. Trygge oppvekstvilkår for barn
5. Gode kultur- og fritidstilbod, òg for dei over 18 år
6. Godt helsetenestetilbod
7. Gode friluftstilbod
8. Nærleik til urbane byar/område
9. Gode forbindelsar mellom utkantane og byane

## Eldrerådet

Eldreveksten vil sannsynligvis bli den største demografiske endringen i Møre og Romsdal i årene som kommer. Vekst fra 2000-2015: 4.293. Vekst fra 2015-2030: 17417. Dvs. en vekst på fire ganger så stor de neste femten årene som de forutgående. Veksten vil ha store variasjoner mellom kommunene, både i tid og i omfang. Hele 40 % av veksten kommer i våre tre største byer.

Hvordan vil eldreveksten påvirke samfunnsutviklingen og lokalsamfunnene i Møre og Romsdal?

Enkelt oppstilt: 80 % av eldre er raske og selvhjulpne. 10 % trenger litt hjelp her og der. 10 % er syke, skrøpelige og demente og trenger helsetjenester, pleie og omsorg. 8,5 % av 67-79 år og 48,8 % av 80+ år er mottakere av institusjonstjenester eller hjemmetjenester. Antall mottakere over 80 år er redusert og antall yngre mottakere har økt - mest blant personer under 67 år (Kostra).

Eldreomsorgen inndeles nå i de fleste kommuner i tre områder:

1. Helsetjenester – Korttid, langtid, demens og hjemmesykepleie.
2. Hjelpetjenester – hjemmehjelp, tilrettelagt bolig, støttekontakt, velferdsteknologi osv.
3. Forebygging – aktivisering, dagtilbud, opplæring osv.

Kommunene søker med stor iver å bygge ned for å spare. Man har planer for å spare, men ingen planer for å møte kommende eldrevekst. Særlig gjelder dette nedbygging av kommunens helsetilbud til syke, skrøpelige og demente eldre – de som trenger kommunens tjenester mest. Nedbyggingen tas som raske budsjettsaker uten høring og brukermidvirkning.

Når må det bygges opp igjen det som nå bygges ned? Nedbygging gjøres raskt – oppbygging tar laaaang tid, gjerne mange år og startes sent. Vet ikke om en eneste kommune som har prognoser for framtidig behov for de forskjellige helsetjenester i kommunen som skal møte eldreveksten.

Postulert løsning: «Bo hjemme lengst mulig» er en uforpliktende floskel. Spør heller: Hva må til for at eldre skal velge å bo hjemme lengst mulig.

Hva med eldre og aktivitetstilbud tilpasset eldre? Tenk bare på alle eldre på sykehjem som ikke får komme seg ut osv. på grunn av ensomhet.

Hva med eldre og samferdsel? Flere som ikke kan bruke egen bil. Tjenestetilbud sentraliseres i stort tempo. Mange eldre kan ikke bruke data.

Hva med eldre og kulturtilbud tilpasset aldersgruppen.

Frivilligheten trekkes fram som en framtidsløsning: Ja, i noen grad, men det fordrer at det investeres i frivilligheten.

De største kostnadsdriverne innen eldreomsorgen er uttrykt å være fall, ensomhet og kognitiv svikt. Hvordan møte den utfordringen?

Den største utfordringen i eldreomsorgen hevdes å bli mangelen på helsepersonell. Hvordan skal den utfordringen møtes?

Hva blir fylkeskommunens oppgave i å møte kommende vekstutfordringer som følger av den store eldrevæksten i kommende år?

## Nord-Trøndelag fylkeskommune

Nord-Trøndelag fylkeskommune viser til brev fra Møre og Romsdal fylkeskommune i forbindelse med høring av planstrategi 2016-2020.

Nord-Trøndelag berøres av enkelte tema på tvers av fylkesgrensen. Innholdet er i overensstemmelse med vår dialog i bl.a. arbeidet med Regional transportplan, kystskogbruket og regional forskningsfond. Vi har ingen spesielle merknader og vi ønsker lykke til med det videre planarbeidet.

## Sør-Trøndelag fylkeskommune

*Fylkesrådmannens drøfting:*

Dokumentet har en klar oppbygging og struktur. Hver av de sju temaene har et eget underkapittel hvor utfordringer og muligheter beskrives. I tillegg gis en strukturert gjennomgang av eksisterende planer og strategidokumenter som har relevans for området. I denne beskrives både formål og innhold, og det gis vurdering og anbefaling om videre planlegging og planbehov. Til tross for god presentasjon av planer og strategier, kan det oppleves litt overveldende når det til enkelte tema knyttes både åtte og ti planer og strategidokument av ulik karakter. Samtidig vil enkelte planer strengt tatt gjelde flere tema. Som vi har sett i STFKs eget plansystem er det dessuten flere ulike benevnelser i bruk på ulike planer/strategier.

Den regionale tilhørigheten drøftes i et eget kapittel om Regionreform og kommunereform. En oversikt over Møre og Romsdal fylkeskommunes samarbeid med andre fylker viser at det er flest slike ordninger med Sør-Trøndelag. (Se figur) Dette samarbeidet vurderes som noe mer formelt og tettere enn mot andre nabofylker. Også ut fra den statlige regionale inndelingen er det mest samarbeid med Trøndelag. Det er en del pendling over fylkesgrensene, men ingen grenseregioner vurderes som sterke bo- og arbeidsmarkedsregioner. Nordmøre i nord og Sunnmøre i sør inngår begge i serviceregioner som krysser fylkesgrenser, med samarbeid som omfatter blant annet sykehus, idrett og næringsliv. Dette vurderes likevel ikke tungtveiende nok til å anbefale sammenslåing med ett eller flere andre fylker. Det vises til gode erfaringer med oppgaveløsningen under enhetsfylkeforsøket i 2004 - 2008.

Formalisert samarbeid mellom Møre og Romsdal fylkeskommune og andre fylkeskommuner: Både den statlige regioninndeling og det brede formaliserte samarbeidet til sier at det er tettkontakten mellom våre to fylker. Som tilgrensende geografisk område, er det også naturlig og nødvendig å samordne forvaltningen av naturressursene i grenseområdene. I fjellområdene har det eksistert et mangeårig fjellpolitisk forvaltningssamarbeid, først gjennom Dovrefjellrådet og seinere i Dovrefjell nasjonalparkstyre. De fire berørte fylkeskommunene står også sammen om en felles regional plan for området, med føringer for arealbruk og med eget handlingsprogram.

Utviklingen de seinere årene, spesielt i havbruksnæringen, har ført til stor pågang etter kystnære sjøareal til bruk for næringsformål. Planstrategien beskriver de utfordringene dette medfører, og

hvordan dette gir økt behov for offentlig planlegging og forvaltning av arealbruken i kystsonen. I en rapport (datert 27.11.15) fra Havforskningsinstituttet til Nærings- og fiskeridepartementet, foreslås inndeling av norskekysten i soner (produksjonsområder), hvor Nordmøre og Sør-Trøndelag til sammen utgjør en. Inndelingen er faglig fundert, og bygger på dagens struktur i havbruksnæringen. Som det går fram av planstrategien er det i flere år jobbet med en interkommunal plan for sjøområdene på Nordmøre. Tilsvarende er det nylig utarbeidet en «Interkommunal kystsoneplan» i Sør-Trøndelag. Det er behov for å se hele dette området under ett, og det vil også være nødvendig å vurdere hvilket planredskap som gir det beste utgangspunktet for felles forvaltning av denne kystsonen.

Sterke havbruksmiljø på kysten i begge fylker setter også fokus på sjøtransport og havnesamarbeid. I den sammenheng vises det til pågående havnesamarbeid mellom Hitra kysthavn og Kristiansund og Nordmøre havn.

Møre og Romsdal har som Sør-Trøndelag store utfordringer i forhold til klimagassutslipp knyttet til ferge- og hurtigbåttilbudet. Kombinert med samfunnets økende krav til reduserte utslipp vil dette medføre at man i tillegg til å legge til rette for at operatører som tilbyr mer klimavennlige løsninger skal stå for driften, også må vurdere om det er mulig å opprettholde alle deler av tilbudet kan opprettholdes. Dette vil gjelde tilbud med få brukere i forhold til kostnader så vel som utslipp. Sør-Trøndelag fylkeskommune jobber nå offensivt med investeringstiltak som kan bidra til mer klimavennlige løsninger i ferjedriften, men må likevel også vurdere det fylkeskryssende hurtigbåttilbudet på lengre sikt. Det er ønskelig at begge fylkene legger til rette for et samarbeid om å redusere klimautslippene fra ferge- og hurtigbåttrafikken, blant annet gjennom en samordning av anbud og gjennom utfordringer til kompetansemiljøer i Trondheim og Ålesund, samt til industrien langs kysten.

*Vedtak:*

Sør-Trøndelag fylkesutvalg har følgende kommentarer til Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2016 – 2020:

Den pågående nasjonale prosessen med soneinndeling langs kysten aktualiserer en tettere dialog og mulig felles strategier for forvaltning av kystsonen i Sør-Trøndelag og på Nordmøre.

Tilsvarende bør det legges til rette for et samarbeid om redusert klimautslipp fra ferge- og hurtigbåttrafikken.

## Sandøy kommune

Sandøy kommune vurderer det arbeidet som ligg til grunn for forslag til Regional planstrategi som godt, og relevant i forhold til korleis også vi vurderer utfordringsbiletet for vår region. Måten å bygge opp planstrategien gjev og rettleiing for vidare arbeid med kommunale planstrategiar.

Sandøy kommune vil særleg løfte fram og støtte Fylkesutvalet sine punkt lista nedanfor som interessante for oss;

- Tillegg til s 10; Bulyst må også styrkast utanom tettstadane. Det skal definerast ei særskilt satsing for å utvikle vekstkraft i område med jamn folketalsnedgang
- S. 31: Planlegging bør omfatte både havrommet og kystsonen
- Utvikling av ny strategi eller grunnlagsdokument under tema integrering for korleis handtere flyktningsstraumar
- Regional delplan for tettstader og byar skal rullerast innan 3 år

- Miljø og klima må vere gjennomgåande perspektiv i fylkesplanen
- Utvikle strategi for etablering av fleire statlege arbeidsplassar i Møre og Romsdal

Våre forventningar til kapittel 3, nye planer;

- *Kulepkt 2, Forsknings- og innovasjonsstrategi;*  
I ein ny strategi må offentleg innovasjon takast inn som tema og vere ein vesentleg del av satsinga. Kommunal sektor har no fleire store utfordringar samstundes, som td store demografiendringar, digitalisering (digitalt førsteval for kontakt mellom offentleg og innbyggjar), stor omstilling av lokalt næringsliv der tradisjonelt kompetansearbeidsplassane i det offentlege har vore med å skapt grunnlag for det kjønnsdelte arbeidsliv i Møre og Romsdal, kommunereform og sentraliserings-/ globaliseringstrend samanfallande i tid. Offentleg sektor treng stor innovasjonskraft framover for å leggje til rette for dei attraktive og kompetente samfunnsstrukturar som gjer regionen attraktiv for investering i næringane. Det går ikkje å tenkje ein ny strategi for FOI utan at offentleg innovasjon er omhandla. Vi viser elles til Regjeringen gründerplan «Gode ideer – fremtidens arbeidsplasser» som må innarbeides som grunnlag i ein slik strategi.
- *Kulepkt 4 og pkt 5; Ferjestandard og Utvikling av fylkesvegnettet - grunnlagsdokument til satsingsområdet samferdsel.*  
Sandøy kommune ventar å få medverke meir aktiv enn som høyringspart for å definere kvalitet og kapasitet på infrastruktur som er heilt vesentleg for folk, busetnad og næringsliv. Det framgår ikkje av saka kva de legg i «grunnlagsdokument» ,kven som er partar og kva slike dokument nyttast til. Er dette å tenkje som anbudsgrunnlag/ kriterium til akseptabel kvalitet og kapasitet må kommunane få medverke direkte i kravsspesifikasjonen.
- Det bør vurderast som del av klima-, energi, areal- og transportplanlegginga å sjå på behovet for ein samla hamnestrategi for Møre og Romsdal. Om meir av godset fraktas mest effektivt sjøvegen, må vi saman ha ein strategi for korleis vi tenkjer dette gjort i Møre og Romsdal. Det er og venta ei melding om fiskerihamner, som bør ha ei regional oppfølging. Til sist har vi og hamner som fungere som nødhamner, og andre som har særskilt risiko med tanke på samfunnstryggleik og beredskap . Med dei endringer som nå skjer innan utbygging av samferdsel og omorganisering av politi, forsvar og brann er det behov for å sjå på hamnene samla som regional infrastruktur opp mot slike endringar.
- Sandøy kommune ser fordelane med ein samla kystzoneplan for Nordre Sunnmøre. For eigen del har vi gjort avklaringar ut i frå kjende behov i nyleg vedteke kommuneplan arealdel. For Sandøy sin del vil det vere viktig at ein samla kystzoneplan både tek inn vurderingar knytt til areal for marin næring, areal til vindkraft og ymse verneområde. Ein plan bør binde saman aktivitet i kystzone og havområdet. Vi har vindkraftkonsesjon som kan konkurrere om dei same havområda som kan ha interesse for marin næring, og som grensar mot verneområder på land/ kystsona. For Sandøy sin del har vi ikkje kapasitet til å initiere eller vere del av dette arbeidet i komande år, utan særlege interesser gjer at vi må gripe fatt i dette. For å kunne gjere arbeidet vil vi vere avhengig av tilskot i form av relevant kompetanse og kapasitet. Fortrinnsvis bør fylket sjølv ta ansvar for å utvikle ein samla havområdeplan for Møre og Romsdal.
- Det framgår ingen stader i Regional planstrategi kva Møre og Romsdal fylkeskommune har av digitaliseringsambisjoner for å understøtte nasjonal digitaliseringsstrategi. Digitalt førsteval i kontakt mellom offentleg mynde og innbyggjar er nasjonal målsetting. Også som tydeleg medspelar regionalt og del av forvaltninga saman med statlege organ og kommunane, meiner vi det er problematisk om ikkje fylket omtaler dette i ein eller anna form i planstrategien. Om effektiviteten i forvaltninga skal auke, må alle partar ha eit minimum av

felles ambisjonar. Kommunane i eKommune Sunnmøre har under arbeid ny digitaliseringsstrategi, og skal vi nå våre kommunale ambisjonsnivå vil vi vere avhengig av at og fylket løftar saman med oss i åra som kjem.

- *Eksisterande planer:*

Støtter innretning på Fylkesplan, og noverande oppbygging. Vi meiner særskilt at satsingsområdet Verdiskaping bør vere som no, og ikkje innarbeidast som del av satsingsområdet kompetanse. Dette for å sikre gjenkjenning og vidareføring av god praksis for brukarane.

## Vanylven kommune

Formannskapet handsama i møte den 12.01.2016 - sak 08/2016. Følgjande vedtak vart fatta:

Formannskapet i Vanylven kommune har følgjande uttale til regional planstrategi 2016-2020:

1. Vanylven kommune er samd i utfordringane og mogleheitene som regional planstrategi for Møre og Romsdal. Det burde likevel tatt opp meir og synleggjort utfordringane knytt til korleis fylket og kommunane skal handtere flyktningstraumen.
2. Vanylven kommune er samd i dei vurderingane og tilrådingane som er gjort med unnatak av det som er nemnd i pkt.
3. Vanylven kommune har fylgjande kommentar/merknad til pkt.3:
  - a. Vanylven kommune ber om at det vert utarbeid ein "utviklingsplan for vidaregåande skular" i Møre og Romsdal.
  - b. Vanylven kommune ber om at det vert starta opp eit forarbeid på avgrensa delplan for samordna areal- og trafikkplanlegging for Søre Sunnmøre eller Ytre Søre Sunnmøre.
  - c. Vanylven kommune ber om at Møre og Romsdal fylkeskommune sett av økonomiske og planfaglege ressursar til å bidra i eit arbeid med interkommunal kystsoneplan for Søre Sunnmøre.

## Herøy kommune

Rådmannens vurdering:

### Kompetanse og verdiskaping

Kompetanse er eit av fylkeskommunen sine satsingsområde i sin Fylkesplan og evne til å utvikle og trekke til oss den kompetansen arbeidslivet treng er «kanskje den viktigaste faktoren for at fylket skal lykkast over tid».

Herøy har ei utfordring når det kjem til å halde på innbyggjarane i alderen 20-39. Dette har vore og er ein trend for dei kommunane som ikkje kan tilby attraktiv utdanning innan si eiga kommunegrense. Unge Herøyværingar som er ferdig på vidaregåande skular (eller før vidaregåande skule) søker seg i stor grad vekk frå kommunen for å utdanne seg vidare eller søkje seg jobb andre stadar.

For dei som ynskjer å gå rett inn i arbeidslivet etter vidaregåande har Herøy kommune eit godt tilbod med Herøy vidaregåande skule (HVS) som tilbyr yrkesfag innan bygg- og anleggsteknikk, helse- og oppvekstfag, restaurant- og matfag, naturbruk og teknikk og industriell produksjon. Herøy kommune har historisk sett hatt mange, særleg gitar, som søker seg inn på naturbruk og satsar på ei yrkesretning innan fiske og fangst.

Det er i dag ei sterk kopling mellom det maritime miljøet og HVS, men denne kan bli enno betre og vidareutviklast gjennom aktiv bruk og opplæring i samarbeid med bla. Fosnavåg Ocean Academy. Andre næringar kan også med fordel utvikle eit tettare samarbeid med HVS for å synleggjere verdiskapinga i næringa og auke rekrutteringa. Herøy kommune saknar ei sterkare profilering av Herøy vidaregåande skule sine tilbod innan yrkesretta fag.

Herøy kommune støttar fylkeskommunen sine tankar om ei sterkare kopling mellom satsingsområda «kompetanse» og «verdiskaping» og Herøy kommune har sjølv eit satsingsområde i Kommuneplanen sin samfunnsdel som heiter «kompetanse og næringsutvikling» då vi meiner dette må sjåast i samanheng.

Rådmannen meiner det vil vere viktig at fylket som er eigar og drivar av Herøy vidaregåande skule opprettheld tilbodet då den representerer ei direkte kjelde til arbeidskraft som regionen har behov for. Skulen må gjevast prioritet og satsast på der faglinjer må vere oppdaterte både med omsyn til oppdaterte fagplanar og tekniske hjelpemiddel. Ein oppdatert skuleplan for vidaregåande skular vil vere viktig at den er synleggjort ut til kommunane.

#### Samordna areal- og transportplanlegging på Søre Sunnmøre

Rådmannen ser det som tenleg at det vert utarbeidd eigen «regional/interkommunal areal- og transportplan» for Søre Sunnmøre eller avgrensa til ytre Søre Sunnmøre. Regional delplan for attraktive byar og tettstadar trekk også fram at det ligg store utfordringar i regionen i forhold til senterstruktur då denne regionen har ein polysentrisk senterstruktur med fire sjølvstendige «delregionsenter» i Volda, Ørsta, Ulsteinvik og Fosnavåg.

Ein regional delplan eller interkommunal plan for areal- og transportplanlegging er forankra i Herøy kommune sin samfunnsdel. Utdrag frå Samfunnsdelen:

*For eit lokalsamfunn som Herøy er den daglege mobiliteten strategisk viktig for dei busette i kommunen. Kommunikasjonsaksane inn og ut av kommunen og i regionen bør samsvare best med aksane som styrkar komplementariteten for kommunane. Sagt på ein annan måte så bør ein styrkje kommunikasjonen mellom dei kommunane som utfyller kvarandre best og gjere det lettare å pendle mellom kommunane.*

*Gode vegsamband i kommunen, mellom kommunane og i regionane vil vere med på å skape ein meir attraktiv arbeid-, bu- og serviceregion på Søre Sunnmøre. Herøy kommune ser derfor nytta av å samarbeide i kommunale og interkommunale prosjekt for å fremje vegsamband som vil betre kommunikasjonen i kommunen og i regionen.*

#### Integrering og asylpolitikk

Rådmannen meiner fylkeskommunen bør ta initiativ til å vidareføre integrerings- og inkluderingsprosjekt i Møre og Romsdal som td. Bulystprosjektet i Herøy og Ulstein Det er innvandringa som gir vekst i mange av kommunane i fylket og det er derfor særleg viktig å satse på integrering og inkludering både på eit regionalt og lokalt nivå. Med den auken vi ser i antal asylsøkjjarar i dag vil det vere viktig å ta med dette i vidare satsing.

Planarbeid knytt til integrering og inkludering er forankra i Herøy kommune sin samfunnsdel. Utdrag frå Samfunnsdelen:

Herøy kommune ynskjer å liggje langt framme i arbeidet med inkludering og ynskjer å vere ei føregangskommune som er kjend for å ta vare på sine innbyggjarar og vere eit samfunn som kjenneteiknast av å vere ope, raust og tolmodig mot sine medmenneske.

## Interkommunal kystsoneplan

Med bakgrunn i prosjekt med marine grunnkart som er i avslutningsfasen ser den fungerande arbeidsgruppa (med medlemmer frå alle dei fem kommunane) det som eit naturleg steg vidare å utarbeide ein interkommunal kystsoneplan. Det må avklarast på kva plannivå kystsoneplanen skal vere (kommunedelplan eller temaplan) og tidsperspektivet på planarbeidet. Vi kan estimere at det truleg vil bli brukt to år på forarbeid/grunnlagsdata (tekst og enkle kartutsnitt) og påfølgande eitt år med utarbeiding av kystsoneplanane (plankart, føresegner, planomtale mm.).

Rådmannen meiner fylkeskommunen må vere engasjert i alle delar av prosjektet og ta størstedelen av kostnadane. Bakgrunnen for dette er at kommunane har teke initiativ til eit prosjekt knytt til marine grunnkart som har utvikla seg til eit spanande, innovativt arbeid som set ytre Søre Sunnmøre på kartet knytt til eit nasjonalt og internasjonalt banebrytande prosjekt. Sunnmøre vil, når karta er publisert i 2016, få ein unik posisjon i forhold til bruk av nøyaktige marine grunnkart til forskning og næringsutvikling som fylkeskommunen bør støtte.

### Formannskapet handsama saka i møte 19.01.16 og gjorde slik vedtak:

Formannskapet oversender fylgjande uttale til regional planstrategi 2016-2020:

- Herøy kommune er samd i dei utfordringane og moglegheitene som regional planstrategi for Møre og Romsdal tek opp. Det kunne likevel vore enno meir synleggjort utfordringar knytt til korleis fylket og kommunane skal handtere flyktningstraumen.
- Herøy kommune er samd i dei vurderingane og tilrådingane som er gjort med unntak av det som er nemnd i punkt 3 i vår uttale.
- Herøy kommune har fylgjande kommentar til punkt 3:
  - Herøy kommune ber om at det vert utarbeidd ein «utviklingsplan for vidaregåande skular» i Møre og Romsdal.
  - Herøy kommune ber om at det vert starta opp eit forarbeid på ein avgrensa regional delplan for samordna areal- og trafikkplanlegging for Søre Sunnmøre eller ytre Søre Sunnmøre.
  - Herøy kommune ber om at Møre og Romsdal fylkeskommune sett av økonomiske og planfaglege ressursar til å bidra i eit arbeid med interkommunal kystsoneplan for Søre Sunnmøre.

## Hareid kommune

Rådmannens vurdering:

Hareidsungdommen, som er ferdige på vidaregåande skular (eller før vidaregåande skule), søker seg i stor grad vekk frå kommunen for å utdanne seg vidare eller søkje seg jobb andre stadar.

Hareid kommune støttar fylkeskommunen sine tankar om ei sterkare kopling mellom satsingsområda «kompetanse» og «verdiskaping». Hareid kommune har sjølv eit satsingsområde i Kommuneplanen sin samfunnsdel som heiter «Næring - kompetanseutvikling», då vi meiner dette må sjåast i samanheng.

## Samordna areal- og transportplanlegging på Søre Sunnmøre

Rådmannen ser det som tenleg at det vert utarbeidd eigen «regional/interkommunal areal- og transportplan» for Søre Sunnmøre eller avgrensa til ytre Søre Sunnmøre.

Ein regional delplan eller interkommunal plan for areal- og transportplanlegging er viktig for Hareid kommune si strategiske utvikling. For innbyggjarane i Hareid er det grunnleggande at den daglege mobiliteten langs kommunikasjonsaksane inn og ut av kommunen samsvarar med transportbehovet og pendlarbehovet. For Hareid vil Hafast-sambandet vere sentralt.

Gode vegsamband i kommunen, mellom kommunane og i regionane vil vere med på å skape ein meir attraktiv arbeid-, bu- og serviceregion på Søre Sunnmøre. Hareid kommune ser derfor nytta av å samarbeide i kommunale og interkommunale prosjekt for å fremje vegsamband som vil betre kommunikasjonen i kommunen og i regionen.

## Integrering og asylpolitikk

Rådmannen meiner fylkeskommunen bør ta initiativ til å vidareføre integrerings- og inkluderingsprosjekt i Møre og Romsdal, som til dømes Bulystprosjektet. Det er innvandringa som gir vekst i mange av kommunane i fylket og det er derfor særleg viktig å satse på integrering og inkludering, både på eit regionalt og lokalt nivå. Med den auken vi ser i talet på asylsøkjjarar i dag, vil det vere viktig å ta med dette i vidare satsing.

Planarbeid knytt til integrering og inkludering er forankra i Hareid kommune sin kommuneplan, samfunnsdelen:

«--Den viktigaste oppgåva i åra framover vil vere å føre ein politikk som gjev innvandrarane og flyktningane ein best mogleg livskvalitet. Viktige stikkord vil vere gjensidig respekt, høve til deltaking og medverknad, samhandling, likeverdige moglegheiter, reell likestilling og fråvær av rasisme og diskriminering.»

## Interkommunal kystsoneplan

Med bakgrunn i prosjekt med marine grunnkart som er i avslutningsfasen ser den fungerande arbeidsgruppa (med medlemmer frå alle dei fem kommunane) det som eit naturleg steg vidare å utarbeide ein interkommunal kystsoneplan. Det må avklarast på kva plannivå kystsoneplanen skal vere (kommunedelplan eller temaplan) og tidsperspektivet på planarbeidet. Vi kan estimere at det truleg vil bli brukt to år på forarbeid/grunnlagsdata (tekst og enkle kartutsnitt) og påfølgande eitt år med utarbeiding av kystsoneplanane (plankart, føresegner, planomtale mm.).

Rådmannen meiner fylkeskommunen må vere engasjert i alle delar av prosjektet og ta størstedelen av kostnadane. Bakgrunnen for dette er at kommunane har teke initiativ til eit prosjekt knytt til marine grunnkart som har utvikla seg til eit spanande, innovativt arbeid som set ytre Søre Sunnmøre på kartet knytt til eit nasjonalt og internasjonalt banebrytande prosjekt. Sunnmøre vil, når karta er publisert i 2016, få ein unik posisjon i forhold til bruk av nøyaktige marine grunnkart til forskning og næringsutvikling som fylkeskommunen bør støtste.

Rådmannen er samd i dei utfordringane og moglegheitene som regional planstrategi for Møre og Romsdal tek opp. Det kunne likevel vore enno meir synleggjort utfordringar knytt til korleis fylket og kommunane skal handtere flyktningstraumen.

Rådmannen ber også om at det vert starta opp eit forarbeid på ein avgrensa regional delplan for samordna areal- og trafikkplanlegging for Søre Sunnmøre eller ytre Søre Sunnmøre.



Hareid kommune ber om at Møre og Romsdal fylkeskommune sett av økonomiske og planfaglege ressursar til å bidra i eit arbeid med interkommunal kystsoneplan for Søre Sunnmøre.

Formannskapet handsama saka i møte 21.01.16 og gjorde slik vedtak:

Formannskapet vedtek fylgjande uttale til regional planstrategi 2016-2020:

1. Hareid kommune er samd i dei utfordringane og moglegheitene som regional planstrategi for Møre og Romsdal tek opp. Det kunne likevel vore enno meir synleggjort utfordringar knytt til korleis fylket og kommunane skal handtere flyktningstraumen.
2. Hareid kommune er samd i dei vurderingane og tilrådingane som er gjort.

-Hareid kommune ber om at det vert starta opp eit forarbeid på ein avgrensa regional delplan for samordna areal- og trafikkplanlegging for Søre Sunnmøre eller ytre Søre Sunnmøre.

-Hareid kommune ber om at Møre og Romsdal fylkeskommune sett av økonomiske og planfaglege ressursar til å bidra i eit arbeid med interkommunal kystsoneplan for Søre Sunnmøre.

## Rauma kommune

Rådmannens vurdering:

Fra rådmannens side vil ein løfte opp følgjande problemstillingar knytta til utkastet til planstrategi:

1. Fra særstilling til omstilling

Alle seier no at Norge er på veg fra en særstilling som oljenasjon til en omstilling kor vi er usikre på korleis vi skal oppretthalde verdiskaping, sysselsetting og velferd vidare. Dei mest sikre vegane framover går i retning av konkurransekraft, utnytting av unike naturlege fortrinn, kompetanse, digitalisering, forskning og utvikling.

Rådmannen:

- er usikker på om kunnskapsgrunnlaget som vart utvikla vinteren 2014/2015 er oppdatert i høve til det utviklingsbiletet som vi sit med i fanget eit år seinare
- er usikker på om det er hensiktsmessig og nyttig i eit og same dokument å handtere så ulike utfordringar som den overordna næringsmessige omstillinga i fylket vårt – og eksempelvis regional delplan for museum i fylket
- Meiner at fylkeskommunens rolle som regional utviklingsaktør i ei omstillingstid burde har prioritet i den regionale planstrategien denne gongen, og at planlegging av fylkeskommunens egne tenesteområde burde ha ein meir redusert plass

2. Samhandling med kommunenivået

Fylkeskommunens samhandling med kommunenivået er eit svært viktig tema i denne rulleringa i lys av kommunereformen. Mykje tyder på at det fortsatt vil vere store forskjellar mellom korleis kommunestrukturen blir framover og korleis fylket vårt er inndelt i bo- og arbeidsmarknadsregionar.

Rådmannen

- meiner at for mykje av samhandlinga mellom kommunenivået og fylkesnivået skjer instrumentelt, segmentert og sjeldan utløyser reelle innovasjonar eller forbetringar innanfor viktige samfunnsområde
- trur at dokument og høyringar i større grad må erstattast av dialog og samsnaking for å oppnå reell samhandling og utvikling mellom kommunenivået og fylkesnivået
- den nye fylkesplan bør i større grad peike på regionale utviklingsområder for kvar av dei 4 bo- og arbeidsmarknadene i fylket enn den sektorvise/tematiske inndelinga som no gjeld
- trur fylkeskommunen kan ha noko å lære av Fylkesmannen som reiser rundt til alle kommunar med jamne mellomrom og har dialog om alle relevante tilhøve mellom den enkelte kommune og Fylkesmannen, og som involverer både politisk og administrativ leiing

### 3. Samsvar mellom mål/ambisjonar og pengar/ressursinnsats

Det meste av offentlig planlegging har liten relevans utan at det finns pengar til å gjennomføre dei tiltak som skal til for å nå planmåla. Rådmannen har merka seg at fylkeskommunen står framfor ein situasjon der drifts- og investeringsnivået må ned. Med dei nærings- og samfunnsmessige omstillingsutfordringane ein står framover blir det særleg viktig at fylkeskommunens innsats som regional utviklingsaktør ikkje blir redusert i den prioriteringsdebatten som må komme.

Rådmannen

- meiner at Fylkesplanen denne gongen i større grad enn tidlegare må drøfte prioritering av fylket sine avgrensa midlar – og at innsatsen særleg i høve til rolla som regional utviklingsaktør blir prioritert og gjennomdrøfta.

### 19.01.2016 FORMANNSKAPET FS - 07/2016 VEDTAK

1. Rauma kommune vil særleg peike på tre hovudutfordringar som den regionale planstrategien i større grad bør ta opp i seg for neste 4-årsperiode:
  - a. Planstrategien må i langt sterkare grad rette fokus mot korleis Møre og Romsdal blir berørt av at Norge som nasjon no går fra særstilling som oljenasjon til omstilling mot ei meir usikker framtid som utfordrar både nærings- og samfunnsliv i fylket vårt
  - b. Planstrategien må drøfte og legge til rette for nye og mindre instrumentelle samhandlingsformer mellom kommunane og fylkeskommunen i utvikling av fylket vårt
  - c. Revisjon av fylkesplanen må gjere tydelige prioriteringar til fordel for fylkeskommunens rolle som aktiv regional utviklingsaktør i ein situasjon der fylkeskommunen må redusere drifts- og investeringsnivået sitt

### Tingvoll kommune

Viktige tema som Tingvoll kommune legger særleg vekt på i forhold til planer som skal revideres eller nye planer:

#### *Areal- og transportplanlegging*

Interkommunal plan for areal- og transportplanlegging for Kristiansundsregionen er interessant også for Tingvoll kommune som ligger sentralt til kommunikasjonsmessig på Nordmøre. Med trafikkårene E39 og Rv70 gjennom kommunen er det naturleg også å se på muligheter for næringsutvikling i et felles bo- og arbeidsmarked.

## *Bolyst*

At bolyst ikke bare knyttes mot sentrumsutvikling vil være i samsvar med vår kommuneplan der det også legges til rette for å opprettholde bosetting i alle grender, med følgende formulering «Fortetting i sentrumsområde er positivt. Tingvoll kommune stiller seg positiv til spredt boligbygging i alle bygder og vil tilrettelegge for store og attraktive boligtomter.». Tingvoll kommune meiner det er svært viktig at fylkeskommunen fremdeles prioriterer tettstedsutvikling for å skape lokal og regional attraktivitet. Kommunen støtter fylkesutvalgets tillegg til planforslaget på dette punktet; «Bulyst må også styrkast utanom tettstadene. Det skal definerast ei særskilt satsing for å utvikle vekstkraft i område med jamn folketalsnedgang.»

## *Kultur*

Tingvoll kommune støtter at kultur i utvidet betydning fortsatt skal være et satsingsområde i fylkesplanen. Fylkeskommunen bør i revisjonen av sitt planarbeid løfte fram det fleirkulturelle samfunnet og kultur som en ressurs for bosetting og verdiskaping hos folk som kommer fra ulike deler av verden. Regional delplan for museum er viktig også for Nordmøre og Tingvoll.

## *Barn og unge og folkehelse*

Tingvoll vil understreke betydningen av barn i folkehelsearbeidet. Gode oppvekstvilkår er viktig for framtidig bosetting i fylket. I folkehelsearbeidet bør barn være et perspektiv både knyttet til livsstil, levekår, å hindre utenforskap og fremme god psykisk helse gjennom aktivitet og vennskap.

## *Helse*

Helse er i minkende grad en sektor. Helse er et tema som fylkeskommunen bør fremme som et innovasjonsområde i det offentlige, en stor mulighet for teknologiutvikling og tjenesteinnovasjon, og et område der helse kan bli næring med en eldre befolkning i Norge og Europa. En bør vurdere å gjøre helse til et av 4-5 hovedtema i fylkesplanen.

## *Samferdsel*

Standard på fylkesvegene er viktig for å opprettholde næringsliv og bosetting i distriktene. Blant annet har det i Tingvoll stor betydning for uttransport av store kvanta tømmer at fylkesvegnettet har tilstrekkelig standard. Det må lages plan for utbedring/opprusting av punkter eller strekninger med for lav tillatt aksellast.

Det bør arbeides for å gjennomføre fylkesvegprosjekter samtidig med riks- /europavegprosjekter, for eksempel ny Fv 302 på Meisingset når ny Rv70 bygges.

Det bør arbeides for å løse problemer knyttet til dårlige kryssløsninger på stamvegnettet som kan bli et hinder for lokal utvikling, for eksempel kryssløsningen på E39 Einsetområdet på Aspøya i Tingvoll.

Arbeidet med planlegging av gang-/sykkelveg må videreføres.

Fokus på trafiksikkerhet må opprettholdes.

## *Miljø og klima*

For økokommunen Tingvoll vil det være naturlig å framheve at miljø og klima fortsatt skal være et av de gjennomgående perspektivene i fylkesplana fordi det på ulike måter påvirker ander samfunnsområder vesentlig. Oppfølging av klimaavtalene i Paris 2015 kan bidra til omstilling og nye markeder for fylkets maritime klynge, vekst i bioøkonomien, og nye markeder for produkter som gjør oss tilpassningsdyktige for et endret klima eks. Pipelife i Surnadal. Fylkeskommunen bør fremme

satsing på fornybar energi, det offentlige som etterspør økologisk mat, ENØK i offentlige bygg, og satsing på bærekraftig forbruk. Regionen bør fremme de grønne næringene. Vi støtter fylkesutvalgets formulering om (..)Regional strategi for utvikling av bioøkonomien utviklast gjennom eit grunnlagsdokument for satsingsområde verdiskaping og kompetanse.

### *Kommunereform*

Dersom det skulle bli gjort vedtak om kommunesammenslåing i den pågående reformprosessen vil det bli et stort behov for samordning av kommunale planer. For å hindre en sterk sentralisering bør fylkeskommunen fremme strategier for regional balanse både mellom fogderiene i fylket, og mellom byer og omland. Mye av reformarbeidet i offentlig sektor skjer nå sektorvis. For at fylkeskommunen skal ha legitimitet må en utvikle strategier som fremmer en helhetlig samfunnsutvikling, og der en klarer å se og handle i forhold til samla effekt av foreslåtte reformer.

Vedtak:

Tingvoll formannskap slutter seg til rådmannens vurderinger som høringsuttalelse til fylkeskommunal planstrategi med følgende tillegg:

1. Gang og sykkelveg - Vågbø
2. Formannskapet i Tingvoll vil påpeke behovet for klare strategier for å utvikle videregående skoler på Nordmøre, inkludert offensive strategier for utvikling av Tingvoll VGS i tråd med siste års utvikling av utdanningstilbudene.
3. Tingvoll som økokommune ligger allerede i front av «grønn utvikling». Med planer om Økopark og utvikling av grønn klynge innenfor industri, landbruk, skogbruk og oppdrettsnæring.

## Stranda kommune

Stranda kommune har desse merknadane til planstartegi for Møre og Romsdal Fylke gjeldande for perioden 2016 – 2020.

- Det må arbeidast med påverknad for Rv15 Strynefjellet. (NTP)(Ny tunell m/sambinding til Geiranger)
- Vidare arbeid med FylkesROS er viktig.
- Grunnlagsdokument for ferjestandard er viktig for samferdsel.
- Fv60 er ei vesentleg samferdselsåre for Stranda kommune og indre region. Møre og Romsdal Fylkeskommune og Sogn og Fjordane Fylkeskommune må arbeide for felles løysing på denne viktige sambindinga.
- Kystsoneplan er eit viktig verkemiddel for utvikling av havbruksnæringa, også i indre fjordstrøk.

## Skodje kommune

Skodje kommune vurderer det arbeidet som ligg til grunn for forslag til Regional planstrategi som godt, og relevant i forhold til korleis også vi vurderer utfordringsbiletet for vår region. Måten å bygge opp planstrategien gjev også rettleiing for det vidare arbeidet med dei kommunale planstrategiane.

Forventningar til kapittel 3, nye planer;

### *Forskings- og innovasjonsstrategi(FOI);*

I ein ny strategi må offentleg innovasjon takast inn som tema og vere ein vesentleg del av satsinga. Kommunal sektor har fleire store utfordringar. Her kan særskilt trekkast fram demografiendringar, digitalisering, stor omstilling av lokalt næringsliv, kommunereform og sentraliserings-/ globaliseringstrend samanfallande i tid. Offentleg sektor treng stor innovasjonskraft framover for å leggje til rette for dei attraktive og kompetente samfunnsstrukturar som gjer regionen attraktiv for investering i næringane. Det går ikkje å tenkje ein ny strategi for FOI utan at offentleg innovasjon er omhandla. Vi viser elles til regjeringa sin gründerplan «Gode ideer – fremtidens arbeidsplasser» som må innarbeidast som grunnlag i ein slik strategi.

Det framgår ingen stader i Regional planstrategi kva Møre og Romsdal fylkeskommune har av digitaliseringsambisjonar for å understøtte nasjonal digitaliseringsstrategi. Digitalt førsteval i kontakt mellom offentleg mynde og innbyggjar er nasjonal målsetting. Også som tydeleg medspelar regionalt og del av forvaltninga saman med statlege organ og kommunane, meiner vi det er problematisk om ikkje fylket omtaler dette i ein eller anna form i planstrategien. Om effektiviteten i forvaltninga skal auke, må alle partar ha eit minimum av felles ambisjonar. Kommunane i eKommune Sunnmøre har under arbeid ny digitaliseringsstrategi, og skal vi nå våre kommunale ambisjonsnivå vil vi vere avhengig av at og fylket løftar saman med oss i åra som kjem.

### *Interkommunalt plansamarbeid – areal og transportplanlegging;*

Skodje kommune er blant dei kommunane som har gått saman i eit administrativt plannettverk med 13 kommunar på Nordre Sunnmøre, der ein vil søkje å arbeide fram ein mal for både sluttprodukt og prosess for kommunale planstrategiar i løpet av våren 2016. Vidare er det som del av dette arbeidet ambisjon om å skape eit felles kunnskapsgrunnlag om utfordringane for Sunnmøre som region, og slik svare til PBL sine forventningar om kommunale planstrategiar i ein større regional heilskap.

Ambisjonen er og å trekke felles konklusjonar på regionale utfordringar, og innarbeide felles strategiar for desse i dei kommunale planstrategiane, t.d. samordna areal- og transportplaner. I forhold til dette arbeidet er vi ikkje kome så langt at vi kan konkludere med om regional planstrategi er dekkjande for våre behov. Ut frå noverande kunnskap syner Regional planstrategi å gje grunnlag og strategiar som er relevante. Ein ser då særskilt at punkt i kap. 4 om prioritering av «regionale delplanar for samordna areal- og transportplanlegging i mindre område» kan treffe godt.

Skodje kommune vil elles løfte fram og støtte Fylkesutvalet sine punkt i lista nedanfor som særskilt interessante;

- Utvikling av ny strategi eller grunnlagsdokument under tema integrering for korleis handtere flyktningstraumar
- Regional delplan for tettstader og byar skal rullerast innan 3 år.
- Miljø og klima må vere gjennomgåande perspektiv i fylkesplanen
- Utvikle strategi for etablering av fleire statlege arbeidsplassar i Møre og Romsdal

Skodje kommune ønskjer lukke til med det vidare planstrategiarbeidet

## **Molde kommune**

Den regionale planstrategien er et omfattende dokument. Dokumentet skal inneholde planoppgavene som skal gjennomføres de kommende 4 åra. Planstrategien skal i tillegg til å gi et

godt bakgrunnsbilde for kommende planarbeid også skissere status for planer som skal utarbeides i perioden. Tiltakene vil komme i de ulike delplanene som skal utarbeides.

De ulike planene er delt i 3 hovedbolker.

- Prioriterte nye planoppgaver
- Planer som er starta opp og skal fullføres
- Gjeldende planer som skal videreføres uendret

#### *Viktigste utfordringer og muligheter for Møre og Romsdal*

Høringsdokumentet gir et godt bilde av mulighetene og utfordringene som er i Møre og Romsdal. Noe kunne vært utdypet mer. Fylket har store naturressurser og godt utviklet mangfoldig næringsliv er grunnlaget for videre vekst i fylket. Næringslivet er avhengig av arbeidskraft med god kompetanse. Det er viktig med gode strategier for utvikling av verdiskaping og kompetanse. Det er positivt at det i høringsdokumentet er pekt på at en i større grad må se verdiskaping og kompetanse i sammenheng.

#### *Vurderinger og tilrådinger under den enkelte plan*

Det er ikke like enkelt å kommentere vurderinger og tilrådinger under den enkelte plan. Under mange område står det oppført at fylkesplanen blir videreført eller den blir videreført med noen endringer.

Samferdsel er ett av satsingsområdene. Gode samferdselsløsninger er viktig for å utvikle regionene. Det er særdeles viktig at en får utviklet sammenhengende gode løsninger.

Høringsdokumentet peker på at det er viktig å sikre utbygging av Møreaksen i Nasjonal transportplan. Molde kommune støtter dette utsagnet. Det er imidlertid viktig at utbyggingen av nye E39 fra Julebøen og gjennom Molde også blir prioritert og koordinert i Nasjonal transportplan.

Mer bruk av kollektive løsninger og bedre tilrettelegging for mer bruk av gang og sykkel er viktig for å redusere bilbruken. I høringsdokumentet kommenteres at gjeldende kollektivstrategi skal videreføres. Molde kommune kunne ønsket at denne strategien ble mer ambisiøs. Trass i en satsting på området, er det fortsatt store utfordringer. Molde kommune vil spesielt peke på situasjonen når felles sykehuset på Hjelset blir åpnet i 2022. Godt utbygde kollektivløsninger vil da være viktig for ansatte og pasienter i hele regionen.

Under kapitlet om kompetanse så mener Molde kommune at fylkeskommunen må være mer aktiv i forhold til flyktninger og integrering innen videregående utdanning. Dette gjelder både studiespesialisering, og ikke minst yrkesfaga. Det er viktig at fylkeskommunen jobber langt tettere med kommunene i integreringsarbeidet.

#### *Forslag til nye planoppgaver*

Molde kommune vil her spesielt trekke fram arbeidet med forsknings- og innovasjonsstrategi. Dette vil være et svært viktig område. Skal vi utvikle bredden i næringslivet, er denne strategien viktig.

Innspill til nasjonal transportplan vil også være svært viktig for vår region og fylket for øvrig. Under behandlingen i fylkesutvalget, ble flere nye områder tatt med. Ett av tilleggene går på vekstkraft i område med jevn folketalsnedgang. Molde kommune er selvsagt enig i at en skal sikre den desentraliserte busettingen som er i fylket. Molde kommune vil peke på at det samtidig gjennomføres flere prosjekter for styrking av hele regioner gjennom samarbeidsprosjekter. Eksempel er her Byen som regional motor som Møre og Romsdal fylkeskommune har initiert og som i dag er

godt innarbeid i de 3 største bykommunene. Ett annet eksempel er Byregionprogrammet som Kommunal- og moderniseringsdepartementet er ansvarlig for. Det siste prosjektet er et felles prosjekt for 6 kommuner i Romsdal. Begge disse prosjektene har målsetning om vekst både i by og landkommuner. Molde kommune mener det er uheldig hvis en lager satsingsprogrammer som ikke er godt koordinerte og ber fylkeskommunen se nærmere på forslaget om satsingen i kommuner med jevn folketalsnedgang.

Molde kommune finner grunn til å stille spørsmål om det er riktig med en egen strategi eller grunnlagsdokument for håndtering av flyktningestrømmer utarbeidet av fylkeskommunen. Dette er i dag en kommunal oppgave der samhandlingen går mellom regjeringen og kommunene der fylkesmannen ofte blir brukt som ressursinstans.

#### *Regionale delplaner for samordnet areal- og transportplanlegging*

Kommunereformen er relativt lite omtalt i høringsdokumentet. Ei endring i kommunestrukturen vil gi konsekvenser for planarbeidet. Molde kommune mener at planstrategien må se behovet for regionale delplaner i dette lyset. Som omtalt tidligere er det et betydelig samarbeid innenfor regionene. Interkommunal plan for sjøområdene i Romsdalsfjorden er et samarbeidsprosjekt mellom 5 kommuner - Misund, Molde, Nesset, Rauma og Vestnes. Skal en få til en god plan for sjøområdene er et slikt samarbeid nødvendig.

En annen plan som Molde kommune vil trekke fram er regional delplan for klima og miljø. Dette er også et viktig felles område for regional samhandling.

Byregionsprogrammet eller Byen som regional motor har ikke status som regionale delplaner. Dette er prosjekt som skal se næring og bostedsutvikling under ett for kommunene. Prosjektene kan føre til behov for regionale delplaner.

Når det gjelder siste kulepunkt om kystsoneplaner så vil forslaget til Interkommunal plan for Romsdalsfjorden bli lagt fram for politisk behandling i februar 2016.

#### *Generell kommentar*

Molde kommune mener at høringsdokumentet burde tydeliggjort de aller viktigste oppgavene å få løst i kommende planperiode og prioritert disse i tid.

## Nesset kommune

Vedtak i Nesset formannskap – 04.02.2016

Det vises til forslag til Regional planstrategi 2016-2020 for Møre og Romsdal. Nesset kommune mener det er aktuelt å sette i gang prosess for å lage regional(e) delplaner for samordnet areal- og transportplanlegging. For å involvere kommunene på en god måte i planprosessen kan f.eks dette arbeidet organiseres med ei styringsgruppe og ei administrativ arbeidsgruppe med representanter fra utvalgte kommuner. Oppstart av planarbeidet bør avvendes til år 2017, da strukturen av ny kommunereform er mer avklart.

Fylkeskommunen bør foreta en vurdering av hvordan transportstrategien for gående og syklende i Møre og Romsdal 2010-2019 kan følges opp med mer offensiv planlegging slik at flere strekninger kan bli klarert til utbygging. Det å satse på bygging av gang- og sykkelveier er et godt folkehelseiltak.

## Ålesund kommune

Vedtak i formannskapet 014/16:

Ålesund formannskap avgir høringsuttalelse i tråd med punktene i avsnittet vurdering nedenfor. Rådmannen vurderer utkast til Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2016 – 2020 som godt, og mener den fanger opp de viktigste utfordringene og mulighetene for Møre og Romsdal framover. Det er positivt at fylkeskommunen ser at kommunereformen vil utløse behov for en samordning av planverkene i de nye kommunene, og vil sette av ressurser til dette arbeidet.

Videre er rådmannen enig i de vurderingene og tilrådingene som blir gjort med unntak i det som er nevnt i kulepunktene under:

- Utfordringene knyttet til den økte flyktningstrømmen bør synliggjøres i større grad.
- Det bør komme tydeligere fram at framtidig utvikling av fylket er avhengig at man lykkes med å utvikle attraktive byer med urbane kvaliteter. Ålesund som den største byen i fylket, har spesielle utfordringer som bør vies særskilt oppmerksomhet.
- Særskilte samferdselsutfordringer knyttet til byområdene generelt og Ålesund spesielt bør komme tydeligere fram. Ålesund har to tiltak i gjeldende NTP, og vil jobbe for å få vedtatt flere tiltak i kommende NTP. Det bør også drøftes hvordan man skal komme i betraktning i statlige stimuleringsordninger for bedre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområdene.
- Fylkeskommunen har vedtatt svært ambisiøse klimamål med 20 % kollektivandel innen 2023. Utfordringene knyttet til dette må drøftes i fylkesplanen, og det må sikres at det utarbeides planer for hvordan man skal nå målet. Bystyret i Ålesund har vedtatt ambisiøse mål for både klimagassutslipp og reisemiddelfordeling (15% kollektiv, 8% sykkel og 30% gange), og ønsker å jobbe sammen med fylkeskommunen for å nå disse målene. Strategien bør si noe om hvordan et slikt samarbeid kan organiseres.
- Kommunene på Sunnmøre er enige om at et er behov for et tettere samarbeid når det gjelder overordnet planlegging. I første omgang konsentrerer arbeidet seg om å få til en felles prosess for arbeidet med kommunale planstrategier der man løfter fram tema som er relevante for interkommunalt plansamarbeid for eksempel areal- og transportplaner, strategisk næringsplan m.fl. Fylkeskommunens støtte og faglige bistand blir viktig for å lykkes i dette arbeidet.
- Det er positivt at fylkeskommunen skal utarbeide ny Forsknings- og innovasjonsstrategi. Fra Regional- og næringsavdelingen og Planavdelingen har vi fått opplyst at strategiarbeidet som nå er i gang, kun skal omfatte privat sektor. Videre opplyses det om at innovasjon i offentlig sektor skal behandles i en egen strategi. Rådmannen stiller spørsmål ved om dette skarpe skillet mellom forskning og innovasjon i offentlig og privat sektor er hensiktsmessig. Vi mener det er mange gode grunner til å inkludere offentlig sektor i arbeidet, blant annet vil man i langt større grad bidra å bygge bro, og skape og utnytte viktige synergieffekter. Dersom man velger å gå videre med arbeidet som planlagt, vil det være av stor betydning at man raskt kommer i gang med en tilsvarende strategiprosess for offentlig sektor. Det er helt klart at offentlig sektors forskningsbehov og rammebetingelser for innovasjon trenger å få større oppmerksomhet.
- Kulturell og kreativ næring er en av verdens raskest voksende næringer. Det bør derfor vurderes om Møre og Romsdal bør ha en strategi for å ivareta utnyttet potensiale. Videre bør det vurderes å se på kreative næringers potensiale i samspill med andre næringer og kompetanseklynger.



- Framtidige utfordringer knyttet til digitalisering er ikke drøftet i utkastet. Målet i den nasjonale digitaliseringsstrategien er digitalt førstevalg i kontakten mellom offentlig myndighet og innbygger, og det er behov for at fylkeskommunen og kommunene jobber sammen for å nå dette målet. Gjennom samarbeidet i eKommune Sunnmøre arbeides det med en ny digitaliseringsstrategi, og det blir viktig at kommunene og fylkeskommunen har felles ambisjoner på dette området.
- Kommunene har en sentral rolle i arbeidet med samfunnsikkerhet og beredskap. For å kunne ta rollen som samordner og pådriver i dette arbeidet er kommunene avhengig av fylkeskommunen som medspiller. Hvordan fylkeskommunen kan bidra med støtte, kompetanse og opplæring bør omtales i planstrategien.

## Kristiansund kommune

Vedtatt i formannskapet 09.02.2016:

Kristiansund kommune støtter forlaget til regional planstrategi. For å sikre samlet og koordinert innsats for god samfunnsutvikling og verdiskaping, vil kommunen peke på noen områder som er særlig omtalt i saksframlegget.

Planstrategien gir en god oversikt over den store spennvidden i tema og satsingsområder som fylkeskommunen er engasjert i. Noen av planene, og særlig selve fylkesplanen, har hele samfunnsområder som tema. Det er slik mulig å finne plass til de fleste problemstillinger innenfor den samlede planporteføljen. Uten derfor å kunne påstå at planstrategien har mangler, vil vi trekke fram noen emner og problemstillinger som Kristiansund kommune er opptatt av, og som vi forventer tas med videre i det regionale utviklingsarbeidet.

**Kompetanse** er en nøkkelfaktor skal vi lykkes i omstillings- og verdiskapingsarbeidet. For Kristiansund og Nordmøre vil det være en styrke om vi greier å få etablert et senter for høgskoleundervisning og innovasjon, gjerne sentralt i byen. Kristiansund kommune arbeider sammen med fylkeskommunen og lokale interessenter for å finansiere fysiske forutsetninger, samt inngå avtaler for å gi sentret relevant innhold.

**Havrommet** er stikkordet for framtidens verdiskaping i regionen. Her må vi finne sammen på tvers av administrative og kulturelle grenser, og på tvers av bransjer og sektorer, for å sikre regionens ledende posisjon.

**Innvandringssituasjonen** har endret seg radikalt på svært kort tid. Arbeidsinnvandringen har snudd fra voksesmerter til hjemreise i takt med endringer i næringslivet, og den økte flyktningsstrømmen utfordrer kommunenes evne til bosetting og integrering.

**Kommunereformen** opptar det meste av den politiske kapasiteten for tiden, og i lys av dette reises også spørsmål om regional tilhørighet. Det såkalte trøndersporet er høyst levende på Nordmøre, og her må ikke fylkeskommunen vike unna i debatten. Lykkes kommunereformen med en vesentlig reduksjon av antall kommuner, vil regionale reformer gjerne komme høyere på dagsorden.

Planstrategien omtaler ikke **bypakkene** som er under arbeid i fylket. Bypakkene er helhetlige grep som har som mål å løse en rekke av de utfordringene som er listet opp under ulike planer og strategier. Og de inneholder plan for finansiering av tiltak der fylkeskommunen har sin andel. Kristiansund kommune forventer at disse store helhetlige grepene, som de ikke bare berører de tre byene, men hele byregionene, synliggjøres og tillegges vekt når fylkeskommunen diskuterer videre planbehov og strategier for samferdselsutvikling. I stedet(?) lanseres et forslag om å utarbeide

regionale delplaner for samordnet areal- og transportplanlegging for byregionene. Dette kan være gode grep, men det må i tilfelle skje samordnet med bypakkearbeidet i byregionene, og sammen med regional stat.

## Giske kommune

Vedtak i formannskapet 15.02.2016:

Formannskapet i Giske kommune slutter seg til framlegget til regional planstrategi med følgende kommentarar og innspel til endringar:

- Grunnlagsdokument: utvikling av fylkesvegnettet:  
  
Dokumentet bør også omfatte riksvegar. Det er stor trong for å få rv658 på dagsorden og sikre at utbygging og oppgradering av vegen kjem inn i framtidige planar. Ålesund lufthamn Vigra er den største flyplassen mellom Bergen og Trondheim, forbetring av kollektivtransport over sjø/land til flyplassen må ha prioritet i perioden. Det vert soleis ei vurdering om rv658 også må inn i NTP.
- Innspel til nasjonal transportplan (NTP). Etablering av nasjonal hamn i Gjørundet for maritime og marine næringar høyrer heime i planen. Det er viktig at fylkeskommunen deltek aktivt i utviklingsarbeidet for å få denne hamna løfta fram i alt overordna planverk.

Ut over dei nemnde planoppgåvene er det sett frå Giske kommune si side viktig å få på dagsorden utvikling av kollektivtransport på sjø og land. Både reisande til flyplassen og pendlarar frå kystkommunane (frå Sandøy i nord til Ulstein/Hareid i sør) har interesse av at det vert etablert betre kollektive transportløysingar der sjø/land vert sett i samanheng.

Når det gjeld «Initiativ til interkommunale kystsoneplanar Romsdalsfjorden, Nordmøre, Nordre Sunnmøre, Søre Sunnmøre» må planarbeidet legge opp til at plansamarbeid strekker seg sørover til Ulstein/Hareid, spesielt nordlege sjøområda.

## Ulstein kommune

Vedtak i Ulstein formannskap, 19.01.2016:

Formannskapet oversender fylgjande uttale til regional planstrategi 2016-2020:

1. Ulstein kommune er samd i dei utfordringane og moglegheitene som regional planstrategi for Møre og Romsdal tek opp. Det kunne likevel vore enno meir synleggjort utfordringar knytt til korleis fylket og kommunane skal handtere flyktningsstraumen.
2. Ulstein kommune er samd i dei vurderingane og tilrådingane som er gjort med unntak av det som er nemnd i punkt 3 i vår uttale.
3. Ulstein kommune har fylgjande kommentar til kap. 3:

- Ulstein kommune ber om at det vert starta opp eit forarbeid på ein avgrensa regional delplan for samordna areal- og trafikkplanlegging for Søre Sunnmøre eller ytre Søre Sunnmøre.

Ulstein kommune ber om at Møre og Romsdal fylkeskommune sett av økonomiske og planfaglege ressursar til å bidra i eit arbeid med interkommunal kystsoneplan for Søre Sunnmøre.

## Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal

Utdrag fra grunnlagsrapport om utviklingstrekk i Møre og Romsdal:

For mange har lågt fysisk aktivitetsnivå og muskel- og skjelettplager. Stillesitjing og for lite fysisk aktivitet blant innbyggjarane er ei stor folkehelseutfordring. I aldersgruppa 16-79 år har 26 prosent av dei vaksne eit aktivitetsnivå på under éin time per veke. Fylket ligg høgare enn landsgjennomsnittet når det gjeld overvekt for unge menn. Skal vi stimulere til folk til å bli meir fysiske aktive, må vi ta i bruk fleire arenaer: dei fysiske omgivnadene, barnehagane og skulane, arbeidsplassane, dei frivillige laga og organisasjonane og private aktørar. Vi må heller ikkje gløyme det personlege ansvaret kvar enkelt har for eiga helse.

I Møre og Romsdal ligg sjukefråværet knytt til muskel- og skjelettplager framleis over landsgjennomsnittet. Det er ei utfordring som krev ei brei tilnærming. Samtidig må vi vere merksame på at endra åtferd hos barn og unge med meir skjermbruk og mindre fysisk aktivitet kan påverke utviklinga av muskel- og skjelettplager.

Med bakgrunn i denne rapporten, og egen brukerundersøkelse vedrørende effekt av tiltaket Stikk UT ber vi om at fylkeskommunen prioriterer følgende:

- Gode forebyggende tiltak for folkehelsa i Møre og Romsdal, med særlig vekt på tilrettelegging for friluftsliv.

## Norges musikkorps forbund, Nordvest

Regionstyret for NMF Nordvest viser til RPS for Møre og Romsdal sine målformuleringar om m.a. eit godt og breitt kultur- og fritidstilbod, og pkt. 3.2 om utfordringane på kulturområdet. Regionstyret meiner det er viktig å ha eit tydelegare fokus på oppfølging av fylkeskommunen sin eigen frivilligplan og prioriteringa av innsatsen overfor frivillig sektor.

## Eierutvalget i Tine Midt

Vi ser at regional planstrategi for Møre og Romsdal er ute på høyring. De oppmodar om å ta kontakt om nokon ser verklegheita annleis og har noko å tilføye. Med tanke på Stortinget sine mål om å auke matproduksjonen, og bioøkonomien si rolle i framtida, meiner vi i Eigarutvalget for Tine Midt, at næringsmiddelindustrien har blitt for usynleg i plandokumenta i fylket.

- **Meieriverksemda i fylket, med tilhøyrande kompetansemiljø, er knapt nemt i** grunnlagsdokumentet «Utviklingstrekk for Møre og Romsdal» og «Landbruksmeldinga» av 12.12.2012. Vi registrerer at det siste åra er svært få spor av grøn næring i fylkeskommunen sine publikasjonar «temp» og «spor». Vi ynskjer å bidra til at denne viktige framtidsnæringa vert synleggjort og teken med i meir positive ordelag i det strategiske planarbeidet.
- **Mjølkeprodusentane eig og styrer Tine SA** (ca.21 mrd. i omsetning). Vi har investert i distribusjon og fire industrianlegg i fylket der det blir drive lønsam merkevareproduksjon med grunnlag i dei ca.146 millionar liter kumjølkk og knapt 3 millionar liter geitemjølkk som blir produsert i fylket.

- **Tine SA er meir enn meieri** – det har også ein verdi. I Tine har vi utvikla eit landsdekkande registrering og styringssystem for gardsbruk. Over heile landet har vi eit nettverk av rådgjevarar som er med på å utvikle næringa og spele mjølkeprodusentane betre. Det er ein struktur som gjer oss i stand til å implementere ny kunnskap raskt i verdikjeda for mjølk.
- **Landet sitt einaste mastittlaboratorium ligg i Molde**, og det er eit **nasjonalt kompetansesenter** for overvaking av bakteriar i kpopulasjonen. Norge er leiande i arbeidet med å redusere antibiotikabruk i husdyrhaldet. Sentralt i det førebyggjande arbeidet med storfehelsa og redusert medisinbruk står det Tine eigde Mastittlaboratoriet i Molde. Det er det einaste laboratoriet i sitt slag her i landet. Der blir bakterier i mjølkeprøver indentifisert og jurhelsa overvaka.
- **Lokal mat og volum.** Lokal mat er eit satsingsområde både frå sjø og land. Tine er ein stor lokal matforedlar, sjølv om ikkje alle våre merkevarer er marknadsførte som lokale matvarer. Fleire av våre medlemmer utviklar i tillegg sine egne gardsysteri som er med å auke mangfaldet av produkt produsert for norske forbrukarar. Mellom desse er til dømes Tingvollst som også har hausta internasjonal heider for sine produkt. Ein førestnad for utvikling av nye små verksemder er ein fungerande infrastruktur rundt næringa, og ein volumproduksjon som vert teken effektivt og lønsamt hand om slik Tine SA gjer.

Det er fleire område i regional planstrategi som er viktige for vår verksemd:

- Kompetanse
- Verdiskaping
- Samferdsel
- Areal og naturressursar.

Møre og Romsdal fylke vil ha svar på tre spørsmål.

1. Fangar utkastet opp dei viktigaste utfordringane og moglegheitene ?
2. Er de enige i dei vurderingane og tilrådingane som blir gjort i den enkelte plan ?
3. Støttar de forslaga til planoppgåver ?

For å ta det siste først. Vi støtter forslaga til planoppgåver. Vi ser at det er kome nye innspel på det med bioøkonomi til strategien. Det er viktig å sjå moglegheitene i både blå og grøen sektor i så måte.

Vi er enige i at lav lønsemd og svak rekruttering har vore og er ei utfordring for primærproduksjonen. Med dei langsiktig utsiktene for global og nasjonal matproduksjon, og Stortinget sine mål om auka matproduksjon, meiner vi **at planstrategien ikkje ambisiøs nok på landbruket sine vegne. Lav lønsemd er ikkje ein skjebne, men har mykje å gjere med kva politiske rammebetingelsar næringa får.** Her speler både næringpolitikk, marknadsbalansering, internasjonal handel, utdanning og kompetanse ei rolle. Dette er aktuelle spørsmål som politikarane i Møre og Romsdal kan påverke lokalt, regionalt, og nasjonalt til det beste for næringsaktiviteten i fylket.

Det er i tilknytning til eksisterande verksemder dei fleste nye innovasjonar kjem, og samvirkeorganiseringa gir sektoren **større utviklings og innovasjonsmuligheiter enn det som kjem fram i planstrategien og grunnlagsdokumentet.**

Mjølkesektoren utnyttar fornybare ressursar frå landbruksjord og næringa kan ha stort potensiale til å utvikle seg positivt her i fylket om det vert lagt til rette for det politisk. **I skjeringspunktet mat/reiseliv er her uutnytta potensiale, og i det å sjå blå og grøen sektor i samanheng.** Ei berekraftig utvikling av mjølkeproduksjonen er ein nøkkelfaktor for å ivareta kulturlandskapet og fjordlandskapet vårt som er eit viktig reiselivsprodukt. «Kanskje verdens vakraste mjølk» seier vi i Tine.

Vi synest det er bra at landbruksmeldinga skal reviderast. Næringsmiddelindustrien si rolle bør bli synleggjort betre i dokumentet, og vi håper vi kan bidra med å få det til.

Meieriindustrien i Møre og Romsdal treng råstoff for å greie oppgåva med å drive effektiv og lønsam vareproduksjon som kan betale for råvarene. No er vi ei tid med internasjonal liberalisering som legg stort press på mjølkesektoren i mange land på grunn av overproduksjon. Dette utfordrar til politisk innsats for betra rammevilkår på vegne av næringa, fordi matproduksjon og matsikkerheit er eit strategisk viktig område ut over det å skape kortsiktig profitt.

Vi har fylgjande konkrete framlegg til fylkeskommunal planstrategi: Kapittel 3.4 Verdiskaping.(Tillegg til eksisterande tekst i raud kursiv).

- Avsnitt to:....særleg gjeld dette næringane som er knytte til havet. *Det er potensiale å hente i kunnskapsoverføring og samhandling mellom blå og grøn sektor. Ved å utnytte kvalitetsvarer produsert i fylket frå både sjø og land, kan Møre og Romsdal utløyse eit enno større potensiale for identitetskaping og merkevarebygging for fylket og reiselivet.*
- Vi foreslår at setninga: « Klima og landskap vil alltid gjere matproduksjon i Møre og Romsdal krevjande. Kostnadsnivået gjer lønsemda og dermed rekrutteringa svak.» i kapittel 3.4 i avsnitt 5( s.15) blir stroken, fordi den er for lite offensiv og slår i hel måla som er definert tidleg i avsnittet. Vi foreslår denne teksten i staden: *Matproduksjon er ein del av framtida sin bioøkonomi. Møre og Romsdal har jordressursar som gir potensiale for auka produksjonen og sysselsetting i landbrukssektoren. Fylket skal ta ei aktiv rolle med å påverke dei politiske rammebetingelsane slik at det vert mogleg å utvikle ein lønsam matproduksjon og foredlingsindustri, som tek omsyn til geografi, klima, energi og miljøkrav.*

Ta gjerne kontakt om de meiner det er noko de vil ha utdjupa meir, eller de meiner det er noko vi kan bidra med vidare i prosessen.

Lykke til vidare med planstrategiarbeidet!